Den nordisk-katolske kyrkja

Trusdokument

2009

Forord

I 1999 underteikna repersentantar for det som skulle bli Den nordisk-katolske kyrkja, «Troserklæringen av 8. april 1999».

Dette grunndokumentet identifiserer denne kyrkja si tru og den tradisjonen ho står i, og vert her brukt som utgangspunkt for ein presentasjon av Den nordisk-katolske kyrkja.

Truserklæringa viser til sentrale dokument, konsil og personar i den kristne tradisjonen. Nokre av desse vert her lagde fram som dokumentasjon for vidare studium.

Den nordisk-katolske kyrkja står i den gamal-katolske tradisjonen. Difor har vi også teke med norske omsetjingar av dokumentet «Road to Unity» frå 1989 og «Scranton-erklæringa» av 2008. Deira status vert nærare forklart nedanfor.

Kontakt oss

Kontakt med Den nordisk-katolske kyrkja kan ein få ved å vende seg til ein lokal prest eller diakon eller til kyrkja sine sentralorgan via e-post: dnkk@nordiskkatolsk.no.

Namn, adresser og telefonnummer finst på heimesida www.nordiskkatolsk.no

Innhold

s 2		forord
s 4		hva vil det si å være gammelkatolikk
s 7		truserklæringa av 8. april 1999
s 8		scrantonerklæringa av 28. april 2009
s 10		symbolum apostolicum
s 10		symbolum nicaenum
s 11		symbolum athanasianum
s 13		dei økumeniske konsila
s 13		kyrkjefedre i aust og vest
s 14		den udelte kyrkja si tru: vegen til einskap
s 16	I	læra om gud
s 20	II	læra om kristus
s 25	III	læra om kyrkja
s 39	IV	læra om frelsa
s 43	V	læra om sakramenta
s 54	VI	læra om dei siste ting
s 56	VII	kyrkjeleg fellesskap
s 59		den katolske kyrkja sin grunnleggjande praksis
s 59		eukaristibøn i
s 62		eukaristibøn ii
s 63		eukaristibøn iii
s 66		kyrkjeårskalendar

Veien til enhet

Hva vil det si å være gammelkatolikk?

Tekstsamlingen fra dialogen mellom gammelkatolikker og ortodokse ble i 1989 publisert på tysk, fransk og engelsk. Den engelske utgaven fikk tittelen ”Road to Unity”. Tekstene ble ved Den nordisk-katolske kirkes generalsynode i 2007 antatt som læredokument for kirken og presenteres her i en nynorsk utgave kalt ”Vegen til einskap”.

Dette gjør det rimelig å spørre: Hvorfor gjøres trosdokumenter fra dialogen med de ortodokse til læregrunnlag i en gammelkatolsk kirke? Hva sier det om egenarten i Den nordisk-katolske kirke, og hva forteller det om det å være gammelkatolikk?

En enkel, men også forenklet beskrivelse av Den nordisk-katolske kirke, er å si at vi er en kirke med vestlig ritus og østkirkelig teologi. Derved befinner vi oss i skjæringspunktet mellom latinsk og bysantinsk kristendom. Denne plassering avspeiler vår tilhørlighet til den gammelkatolske tradisjon.

Gammelkatolikkenes konflikt med Vatikanet på seksten- og syttenhundretallet var opprinnelig en strid om nasjonalkirkenes gamle rettigheter i forhold til jesuittenes iherdige ønske om å omforme pavedømmet til et eneveldig monarki. Derav betegnelsen ”gammelkatolikk”. Etterat erkebispedømmet Utrecht appellerte til et konsil for å få løst uenigheten, ble erkestiftet ekskommunisert i 1724.

Erkestiftet Utrecht hadde sin egen historie. I senmiddelalderen var fromheten her i særlig grad blitt påvirket av Thomas á Kempis’ strenge augustianisme. Under barokken ble Utrecht et tilfluktssted for gallikanismen, dvs. franske prester og teologer som var kommet i konflikt med så vel kongemakt som pavemakt. Teologisk var også disse preget av Augustin, samtidig som de i kirkerettslige spørsmål håndhevet nasjonalkirkenes gamle rettigheter. Åndelig sett var det altså kort vei fra Utrecht til mange franske bispestoler og læreanstalter. Det franske nærvær satte sitt preg på erkestiftet Utrecht frem til midten av nitten hundretallet.

Bruddet med Rom førte imidlertid Utrecht inn i en prosess hvor man, som et alternativ til den juridiske og sentralistiske tenkemåten i Vatikanet, søkte å fornye kirkelivet på basis av Oldkirkens teologi. Derved ble gammelkatolikkene straks interessante for de ortodokse. Allerede i 1727 inviterte Den russisk-ortodokse kirke erkebispen av Utrecht til å sende en biskop til Moskva, men enhetsforhandlingene ble brudt i 1730 som følge av stridigheter ved tsarhoffet.

Først 150 år senere fulgte det neste ortodokse initiativ til læresamtaler. Det nye i situasjonen var at den såkalte Utrechterklæringen i 1889 ble vedtatt som felles læregrunnlag for de gammelkatolske bispedømmene. Uformelle læresamtaler i årene som fulgte om treenighetslæren, nattverden og embedssynet, viste slik samstemmighet at spørsmålet om full kommunion ble igjen reist. To verdenskriger skulle imidlertid hemme den fortsatte prosessen.

Frem til revolusjonen var det Den russisk-ortodokse kirke som førte an i kontakten med gammelkatolikkene, men i tyveårene overtok Konstantinopelpatriarkatet initiativet. I 1931 inviterte den ekumeniske patriarken gammelkatolikkene formelt til å gå inn i en felles kommisjon med de ortodokse kirkene, men en ny krig skulle igjen komme til å avbryte arbeidet. I 1961 innbød patriarken Athenagoras imidlertid gammelkatolikkene på nytt til læresamtaler.

I 1973 trådte så ”Den felles ortodoks-gammelkatolske teologkommisjonen” sammen. Fra ortodoks side møtte alle de såkalte kalkedonensiske kirkene, mens gammelkatolikkene var representert ved alle de europeiske bispedømmene samt The Polish National Catholic Church (PNCC) fra USA. Arbeidet ble avsluttet i 1987, og den endelige teksten ble publisert på engelsk under det håpefulle mottoet ”The Road to Unity”.

Målsetningen for arbeidet var å finne utsagn hos Oldkirkens store teologer som adekvat uttrykte så vel den vestlige som den østkirkelige læretradisjon. Disse teologiske formuleringene skulle så være utgangspunkt for en drøftelse av de aktuelle kirkelige utfordringer og lærespørsmål. De dialogdokumentene som utkrystalliserte seg av samtalene, håpet man så kunne ligge til grunn for et fremtidig nattverdfellesskap.

Etter tusen års adskillelse mellom Øst og Vest faktisk lyktes man forbløffende nok å formulere bred enighet. Det er grunn til å tro at intet annet prosjekt i moderne ekumenikk har ført til konsensus i så mange og kompliserte spørsmål. Dokumentet avsluttes da også i 1987 med en anbefaling om ”den fullstendige liturgisk-kanoniske kyrkjefellesskapen … på grunnlag av

tradisjonen åt den udelte Kyrkja", som det heter i den nynorske oversettelsen. (VII, 8)

Spørsmålet melder seg da: Hvorfor er denne organiske enhet ikke blitt virkeliggjort? Svaret er dessverre å finne i den indre utviklingen i de gammelkatolske kirkene. Forhandlerne på gammelkatolsk hold ble til slutt sveket av en ny generasjon ledere i de europeiske hovedkirkene. I løpet av nittiårene ble nemlig de viktigste bispestolene besatt av at et nytt lederskap – flere av dem tidligere romersk-katolske prester – som anså liberal anglikanisme som fremtidens kristendom.

Etter å ha ratifisert den engelske teksten av The Road to Unity brøt følgelig The Polish National Catholic Church kommunionen med de europeiske kirkene for i stedet å fortsette dialogen med ortodoksien på egen hånd. En annen sak er at utviklingen ikke akkurat hadde fremmet dialogklimaet. Den såkalte Scrantonerklæring fra 2008 er PNCC's initiativ for å revitalisere samtalen med de ortodokse.

Imidlertid skulle tanken om kirkelig enhet på basis av den udelte kirkes tro snart få støtte fra et noe uventet hold. I 1995 utstedte pave Johannes Paul II encyklikaen "Ut unum sint" med innbydelse til hele kristenheten om en fornyet ekumenisk dialog. Fromhetslivet og konsilene i kirkens første årtusen, skriver paven, bevidner hvordan kirkens katolisitet manifesteres som en enhet i mangfold og kan derfor tjene som modell for den ekumeniske dialog idag. (§§ 55,61)

I dette perspektiv våger vi tro at dokumentene fra den ortodoks-gammelkatolske dialogen er viktige vidnesbyrd om trosenheten mellom vestlig og østlig kristendom. Slik er "Vegen til einskap" fortsatt relevant for alle som søker kirkelig enhet på basis av den udelte kirkes tro.

Fordi dialogdokumentene holder frem rikdommen i udelte kirkes tro, er "Vegen til einskap" en rettesnor for Den nordisk-katolske kirke. I en tid med stor åndelig uro finner vi her et kompass som peker på de åndelige kildene som bar kristendommen gjennom det første årtusen.

Mgsr. Roald Nikolai, biskop electus i Den nordisk-katolske kirke

Truserklæringa av 8. april 1999

I vår tilbeding av den eine sanne Gud, Faderen og Sonen og Heilaganden, stadfester vi at vi i denne (tilbedinga) deler den udelte kyrkja si ortodokse og katolske tru, og at vi held fast på vår lutherske arv så langt som han omfatter og har formidla denne trua. Difor gjev vi vår tilslutning til PNCC si katolske tru og godtek utan reservasjonar eller kvalifikasjonar fylgjande lærekjelder og autoritetar: Den heilage skrifta og Kyrkja si heilage overlevering; dei ålmenkyrkjelege symbola: Den apostoliske trusvedkjenninga, Den nikenske trusvedkjenninga, Den athanasianske trusvedkjenninga, den udelte kyrkja sine konsil, kyrkjefedrane i Aust og Vest, messa som eukaristisk offer (The eucharistic Sacrifice of the Mass)* og dei sju sakramenta; den katolske kyrkja sin grunnleggjande praksis slik han vert stadfest av PNCC, og autoriteten til vår rettmessige biskop, og vi vil dinest ta namnet Den nordisk katolske kyrkja.

**Messa som eukaristisk offer er å forstå i lys av punkt 6) i Utrechterklæringa: «Med tanke på at den heilage eukaristien alltid har vore det sanne sentrum i katolsk tilbeding, reknar vi det som vår plikt å erklære at vi med full truskap held fast på den gamle katolske læra når det gjeld altarsakramentet. Vi trur at vi mottek vår frelsar Jesu Kristi lekam og blod under skapnad av brød og vin. Nattverdfeiringa i kyrkja er korkje ei vedvarande gjentaking eller ei fornying av det soningsofferet som Kristus éin gong for alle gjorde på krossen, men offerkarakteren i den eukaristiske feiringa ligg i at ho er ei vedvarande ihugkoming av det (offeret som vart gjeve på krossen) og den handlinga som gjer verkeleg nærverande på jorda det eine offeret som Kristus ber fram i himmelen, ifylgje Hebrearbrevet 9:11f, til frelse for den utløyste menneskeslekta, idet han stig fram for oss i Guds nærver (Heb 9:24). Dette er eigenarten i den heilage eukaristien når det gjeld Kristi offer; samstundes er han også eit heilagt offermåltid som dei truande som tek imot Kristi lekam og blod, har fellesskap med kvarandre gjennom (1 Kor 10:17).»*

Scranton-erklæringen av 28. april 2008

Vi fastholder hengivent vår tilslutning til den trosregel som ble fastlagt av St Vincent fra Lerin med følgende ord: *"Id teneamus, ubique, quod semper, quod ab omnibus creditum est, hoc est etenim proprieque catholicum"* – (Kun det som alle har trodd alltid og alle vegne, anser vi som sant katolsk) Av denne grunn opprettholder vi den eldste kirkes tro, slik den er formulert av de ekumeniske bekjennelsene og presisert i vedtakene som ble enstemmig godtatt av den udelte kirke ved de ekumeniske konsilene i det første årtusen.

Vi forkaster derfor påfunnene ved det første Vatikankonsilet som den 18. juli 1870 kunngjorde dogmet om pavens ufeilbarlighet og biskopen av Roms universale episkopat, som i strid med den eldste kirkes tro og som ødeleggende for dens kanoniske konstitusjon, idet paven tillegges all kirkelig makt over alle stift og over alle troende. Ved å fornekte hans jurisdiksjonsprimat vil vi dog ikke underkjenne det historiske primat som flere ekumeniske konsil og kirkefedre i oldkirken har tilskrevet Roms biskop ved å anerkjenne ham som *"primus inter pares"* - den fremste blant likemenn.

Likeledes forkaster vi dogmet om (Marias) ubesmittede unnfangelse, kunngjort av Pius IX in 1854, som i strid med Den hellige Skrift og i motsetning til overleveringen fra de første århundrene. Dernest forkaster vi Pius XIIs dogmatisering i 1950 av Maria himmelfart som katolsk lære som i strid med Den hellige Skrift.

Vi forkaster også de dagsaktuelle påfunn som fremmes av det anglikanske kirkefellesskap og Utrecht unionen. Ordinasjon og konsekrasjon av kvinner til prest eller biskop samt kirkelige velsignelse av samkjønnede forhold er i strid med Den hellige Skrift og i motsetning til overleveringen fra de første århundrene.

Med tanke på at den hellige eukaristi alltid har vært det sanne sentrum i katolsk tilbedelse, anser vi det som vår plikt å erklære at vi med full troskap fastholder den gamle katolske lære vedrørende alterets sakrament. Vi tror at vi mottar vår frelser Jesu Kristi legeme og blod under brødets og vinens skikkelse. Nattverdfeiringen i kirken er hverken en kontinuerlig gjentakelse eller en fornyelse av det soningsoffer som Kristus én gang for alle gjorde på korset, men den eukaristiske feiringens offerkarakter består i at den er en vedvarende ihukommelse av det (offer som ble gitt på korset), og den handling ved hvilken på jorden gjøres virkelig nærværende det ene offer som Kristus frembærer i himmelen, ifølge Hebreerbrevet 9:11f, til frelse for den forløste menneskehet, idet han trer frem for oss i Guds nærvær (Heb 9:24). Dette er egenarten i den hellige eukaristi i forhold til Kristi offer; samtidig er den også et hellig offermåltid hvorigjennom de troende som mottar Kristi legeme og blod, har fellesskap med hverandre (1 Kor 10:17)

Ved å fastholde den udelte kirkes tro håper vi at rettroende teologer skal lykkes i å nå frem til en avtale om spørsmål som helt siden kirkens splittelse har ført til strid.

Vi oppfordrer alle prester under vår jurisdiksjon til å utvise kjærlig omsorg i deres forkynnelsen av Guds ord og i undervisningen av de troende om omstridte lærespørsmål. Slik vår frelser Jesus Kristus selv har formant oss, skal de i ord og gjerning være til eksempel for de troende i menighetene.

Ved trofast å bevare og bekjenne Jesu Kristi lære, ved å nekte godtakelsen av de feil som gjennom menneskelig feil har sneket seg inn i den katolske kirke, ved å forkaste kirkelig misbruk og noen kirkelederes hang til verdslighet, tror vi at vi skal makte å kjempe mot vår tids store ulykke som er vantro og religiøs likegyldighet.

Undertegnet av PNCCs åtte tjenestegjørende biskoper, Lancaster, New York, 28. april 2008.

Den apostoliske truvedkjenninga

Symbolum Apostolicum

Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den Heilage Ande,
fødd av Maria Møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den
allmektige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.

Eg trur på Den Heilage Ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen
og evig liv.

Den nikenske truvedkjenninga

Symbolum Nicaenum

Vi trur på éin Gud, den allmektige
Faderen, som har skapt himmel og
jord, alt synleg og usynleg.

Vi trur på ein Herre, Jesus Kristus,
Guds einborne Son, fødd av Faderen
før alle tider, Gud av Gud, ljos av ljos,
sann Gud av sann Gud, fødd, ikkje
skapt, av same vesen som Faderen.
Ved han er alt skapt. For oss men-
neske og til vår frelse steig han ned frå
himmelen. Han vart ikjøta ved Den
Heilage Ande og av Maria møy og
vart menneske. Han vart krossfest for
oss under Pontius Pilatus, leid og vart
gravlagd,
stod opp tredje dagen etter Skriftene
og fór opp til himmelen, sit ved høgre
handa åt Faderen, skal koma att i
herlegdom og døma levande og døde,
og hans rike skal vera utan ende.

Vi trur på Den Heilage Ande, som
er Herre og gjer levande, som går ut
frå Faderen, som vert tilbeden og æra
saman med Faderen og Sonen, og som
har tala gjennom profetane. Vi trur på
éi, heilag, katolsk og apostolisk kyrkje.
Vi vedkjennest éin dåp til forlating
for syndene og ser fram til oppstoda
av dei døde og eit liv i den komande
verda.

Den athanasianske truvedkjenninga

Symbolum Athanasianum

1. Kvar og ein som vil verta sæl, lyt
framom alle ting halda fast på den
sams kristne (catholicam) trua.
2. Kvar og ein som ikkje held henne
heil og ukrenkt, vil utan tvil gå æveleg
fortapt.
3. Og dette er den sams kristne
trua, at vi ærar éin Gud i Treeininga
(Trinitas) og Treeininga i einskapen,
4. med di vi korkje blandar i hop
personane eller kløyver grunnhåtten
(substantiam).
5. For éin person er Faderens, ein
annan Sonens, ein annan Den Heilage
Andes.
6. Men guddomen (divinitas) åt
Faderen og Sonen og Den Heilage
Ande er éin, herlegdomen er like stor,
majesteten like æveleg.
7. Såleis som Faderen er, såleis er
Sonen, såleis er óg Den Heilage Ande.
8. Uskapt er Faderen, uskapt er Sonen,
uskapt er Den Heilage Ande.
9. Umæleleg er Faderen, umæleleg
er Sonen, umæleleg er Den Heilage
Ande.
10. Æveleg er Faderen, æveleg er
Sonen, æveleg er Den Heilage Ande.
11. Og likevel er det ikkje tre ævelege,
men éin æveleg,
12. liksom det ikkje er tre uskapte,
heller ikke tre umælelege, men éin
uskapt, og éin umæleleg.
13. Sameleis er Faderen allmektig,
Sonen allmektig, Den Heilage Ande
allmektig,
14. og likevel er det ikkje tre allmek-
tige, men éin allmektig.
15. Såleis er Faderen Gud, Sonen Gud,
Den Heilage Ande Gud,
16. og likevel er det ikkje tre gudar,
men éin Gud.
17. Såleis er Faderen Herre, Sonen
Herre, Den Heilage Ande Herre,
18. og likevel er det ikkje tre herrar,
men éin Herre.
19. For liksom den kristelege sanninga
nøyder oss til å vedkjennast kvar per-
son for seg som Gud og Herre, såleis
forbyd den sams kristne trua oss å
seia at det er tre gudar eller herrar.20.
Faderen er ikkje verka av nokon, heller
ikkje skapt, heller ikkje fødd.
21. Sonen er av Faderen åleine, ikkje
verka, heller ikkje skapt, men fødd.
22. Den Heilage Ande er av Faderen
og Sonen, ikkje verka, heller ikkje
skapt, heller ikkje fødd, men
utgåande.
23. Altså er det éin Fader, ikkje tre
fedrar, éin Son, ikkje tre søner, éin
Heilag Ande, ikkje tre heilag-andar.
24. Og i denne Treeininga er ikkje
noko tidligare eller seinare, ikkje noko
større eller mindre,
25. men alle tre personane er seg
imellom like ævelege og jamlike, såleis
at på alle måtar, såleis som det alt er

sagt ovanfor, både Treeininga lyt ærast i einskapen og einskapen i Treeininga.
26. Den som altså vil verta sæl, lyt tenkja såleis om Treeeininga.
27. Men til æveleg sæle er det òg naudsynleg at han trur ærleg at vår Herre Jesus Kristus vart menneske (ikjøtinga).
28. Det er altså den rette trua, at vi trur og vedkjenner at vår Herre Jesus Kristus, Guds Son, er Gud og menneske:
29. Han er Gud av grunnhåtten åt Faderen, fødd før alle tider, og han er menneske av grunnhåtten åt mor si, fødd i tida,
30. fullkomen Gud, fullkome menneske, ihopsett av fornuftig sjel og menneskeleg kjøt,
31. lik med Faderen etter sin guddom, ringare enn Faderen etter sin manndom.
32. Men endå om han er Gud og menneske, er han likevel ikkje to, men éin Kristus,
33. éin, ikkje ved ei omskaping av guddomen til kjøt, men ved opptakinga av manndomen i Gud,
34. i det heile éin, ikkje ved ei samanblanding av grunnhåtten, men ved einskapen i personen.
35. For liksom den fornuftige sjela og kjøtet er eitt menneske, såleis er Gud og menneske éin Kristus,
36. som leid for vår frelse, fôr ned til helheimen, stod opp frå dei døde tredje dagen,
37. fôr opp til himmelen, sit ved høgra handa åt Gud, den allmektige Fader, skal koma att derifrå for å døma levande og døde.
38. Og når han kjem, lyt alle menneske stå opp att med lekamane sine og gjere rekneskap for gjerningane sine.
39. Og dei som har gjort godt, skal gå inn til det ævelege livet, men dei som har gjort vondt, til den ævelege elden.
40. Dette er den sams kristne trua. Den som ikkje heilhuga og fast har denne trua, kan ikkje verta sæl.

Dei økumeniske konsila

Nikea 325:
- Om Kristi guddom

Konstantinopel 381:
- Om både Kristi guddom og Andens guddom

Efesos 431:
- Om Jesu mor som gudføderske

Chalcedon 451:
- Om ein eller to naturar i Kristus

Konstantinopel 553:
- Om Kristi naturar

Konstantinopel 680-81:
- Om éin eller to viljar i Kristus

Nikea 787:
- Om Maria møy, dei heilage og vørdnaden for dei heilage bileta

Kyrkjefedre i Aust og Vest

Her er dei mest sentrale kyrkjefedrene tekne med, samt slike som er siterte i dokumentet 'Vegen til einskap' (Road to Unity).

- Ignatius frå Antiokia (rundt år 100)
- Justin Martyr (100-talet)
- Ireneus frå Lyon (100-talet)
- Klemens frå Alexandria (100-talet)
- Cyprian frå Kartago (200-talet)
- Hippolyt frå Roma (200-talet)
- Kyrill frå Jerusalem (300-talet)
- Atanasius frå Alexandria (300-talet)
- Gregor frå Nazianz (300-talet)
- Basilius frå Caesarea (300-talet)
- Gregor frå Nyssa (300-talet)
- Ambrosius frå Milano (300-talet)
- Augustin frå Hippo (300-talet)
- Hieronymus (300-talet)
- Johannes Chrysostemos (300-talet)
- Serapion frå Thmuis (300-talet)
- Kyrill frå Alexandria (400-talet)
- Leo I frå Roma (400-talet)
- Innocens I frå Roma (400-talet)
- Dionysius Areopagiten (500-talet)
- Maximus Confessor (600-talet)
- Johannes Cassianus (600-talet)
- Johannes frå Damaskus (700-talet)
- Simon Den nye teologen (900-talet)

Den udelte kyrkja si tru

Vegen til einskap

Norsk omsetjing av den engelske (Road to Unity) og den tyske (Koinonia auf Altkirchlicher Basis) utgåva av felleserklæringane frå den ortodoks-gamalkatolske teologiske kommisjonen.
Utgjevne frå august 1975 til oktober 1987. Ratifisert av Generalsynoden åt Den nordisk-katolske kyrkja 14. april 2007.

Innhald

I LÆRA OM GUD
I.1 Guddomeleg openberring og formidlinga av henne
I.2 Dei kanoniske Heilage Skriftene
I.3 Den heilage treeininga

II LÆRA OM KRISTUS
II.1 Inkarnasjonen av Guds Ord
II.2 Den hypostatiske unionen
II.3 Guds mor

III LÆRA OM KYRKJA
III.1 Kyrkja sin natur og kjenneteikn
III.2 Einskapen av Kyrkja og lokalkyrkjelydane
III.3 Kyrkja sine grenser
III.4 Autoriteten åt Kyrkja og i Kyrkja
III.5 Korleis er Kyrkja ufeilbarleg
III.6 Kyrkjemøta
III.7 Kor naudsynt er apostolisk suksesjon
III.8 Kyrkja sitt hovud

IV LÆRA OM FRELSA
IV.1 Kristi frelsesgjerning
IV.2 Heilaganden si gjerning i Kyrkja og mottakinga av frelsa

V LÆRA OM SAKRAMENTA
V.1 Kyrkja sine sakrament eller mysterier
V.2 Dåpen
V.3 Konfirmasjonen
V.4 Den heilage evkaristien
V.5 Bota
V.6 Salvinga
V.7 Ordinasjonen
V.8 Ekteskapet

VI LÆRA OM DEI SISTE TING
VI.1 Læra om dei siste ting

VII KYRKJELEG FELLESSKAP – føresetnader og konsekvensar

I LÆRA OM GUD

I.1 Guddomeleg openberring og formidlinga av henne

Den treeinige Gud – Faderen, Sonen og Heilaganden – skapte verda og "lét velgjerningane vitna om seg" (Apg 14:17), men han har openberra seg og held fram med å openberre seg på mange ulike måtar i verda og i historia.

1. Gud openberrar seg i sine gjerningar, for "hans usynlege vesen, både hans evige kraft og hans guddom, har menneska kunna sjå og skjøna av gjerningane hans alt frå verda vart skapt" (Rom 1:20) og det særleg i mennesket som vart skapt i hans bilete og i hans likning. "Dei viser med dette at det lova krev, står skrive i hjarto deira." (Rom 2:15)

2. Mennesket var ulydig mot det guddomelege bodet og synda, og deira gudlikskap vart forvrengt og formørka, og dei vart ute av stand til å kjenne den sanne Gud. "Med sine tankar enda dei i det som ingenting er, og det vart mørkt i deira uvituge hjarta." For dei "dyrka det skapte i staden for Skaparen" (Rom 1:21,25).

Men den miskunnsame Gud, "han som vil at alle menneske skal verta frelste og læra sanninga å kjenna" (1. Tim 2:4), valde å openberre seg sjølv for verda på ein direkte og personleg måte. Gud openberra seg sjølv, difor, direkte og effektivt "i fordoms tid … til fedrene gjennom profetane" (Hebr 1:1) i Israels folk. Denne gudsopenberringa, verkeleg som ho var, var likevel berre stykkevis og av oppsedande karakter: "Lova var vaktaren vår fram til Kristus." (Gal 3:24)

3 ."Men då tida var fullkomen, sende Gud Son sin." (Gal 4:4) "Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss." (Joh 1:14) I Jesus Kristus kom den fulle og fullkomne openberringa av Gud: "I han bur heile guddomens fullnad lekamleg." (Kol 2:9) Berre i Jesus Kristus er frelse mogleg: "Det er ikkje frelse i nokon annan." (Apg 4:12) I Jesus Kristus openberra den treeinige Gud seg, Han som i vesen er utilgjengeleg og uforståeleg for oss, i sine frelsande energiar og i sanning i all sin fullnad: "Vi seier at vi kjenner vår Gud frå hans energiar, … men hans vesen blir for alltid utanfor vår rekkevidde." (Basilius den store, ep. 234.1 – PG 32.869).

4. Denne overnaturlege openberringa i Kristus vert formidla i tradisjonen frå dei heilage apostlane, som var overlevert i skriftleg form i dei Gud-inspirerte Skriftene og i munnleg form i Kyrkja si levande stemme. Den munnlege tradisjonen er på den eine sida teken i vare i trusvedkjenningane og andre kanoniske vedtak i dei sju økumeniske konsila (kyrkjemøta) og lokale synodar, i skriftene åt dei heilage kyrkjefedrene og

både i den heilage liturgien og i Kyrkja sin generelle liturgiske praksis, og kjem på den andre sida til uttrykk i Kyrkja si vedvarande offentlege undervisning.

5. Skrift og tradisjon er ikkje ulike uttrykk for den guddomelege openberringa, men særeigne måtar å uttrykkje den eine og same apostoliske tradisjonen på. Heller ikkje er det spørsmål om den eine sin forrang framom den andre: "Begge har same tyngda i høve til den sanne religionen" (Basilius den store, Spir. 27.2 – PG 32.188). "Skrifta vert forstått innanfor tradisjonen, men tradisjonen varer og vernar om sin reinleik og sine sanningskriterium ved Skrifta og skriftinnhaldet." (Interortodoks Førebuande Kommisjon til den Heilage og Store Synoden, 16. – 28. juli 1971, Chanbésy 1973, s. 110). Den apostoliske tradisjonen vert ivareteken og overlevert uforfalska av Kyrkja i Heilaganden.

I.2 Dei kanoniske Heilage Skriftene

Bøkene i det Gamle og det Nye testamentet utgjer den Heilage Skrifta. Kyrkja har godkjend å gje dei plass i den kanon ho har oppretta og teke i bruk. Dei er:

a) I det Gamle Testamentet dei tjue-to bøkene – etter ein annan reknemåte dei tretti-ni – bøkene i den hebraiske kanon, saman med ti andre bøker, dei såkalla "Anagignoskomena", dvs. lesebøker eller bøker verd å lese, som seinare i vest er blitt kjende som "deuterokanoniske", totalt førti-ni bøker.
Dei førstnemnde tretti-ni bøkene er kanoniske: 1. Mosebok, 2. Mosebok, 3. Mosebok, 4. Mosebok, 5. Mosebok, Josva, Domarane, Ruth, 1. og 2. Samuelsbok, 1. og 2. Kongebok, 1. og 2. Krønikebok, Esra (Gresk: 2. Esra, Vulgata og slavisk: 1. Esra), Nehemja, Ester, Salmane, Job, Ordtøka, Forkynnaren, Høgsongen, Jesaja, Jeremia, Klagesongane, Esekiel, Daniel, Obadja, Joel, Jona, Amos, Hosea, Mika, Nahum, Sefanja, Habakkuk, Haggai, Sakarja, Malaki.
Dei ti bøkene som vidare høyrer med, Anagignoskomena, er: Judit, gresk: 1. Esra (Vulgata: 3. Esra, slavisk: 2. Esra), 1., 2. og 3. Makkabearbok, Tobits bok, Jesu Siraks sons visdom, Salomos visdom, Baruk og Jeremias brev.
Dei "kanoniske" bøkene er kjenneteikna av at Kyrkja har gitt dei ein varig særleg autoritet; men Kyrkja verdset også høgt Anagignoskomena som i lang tid har vore del av hennar Heilage Skrift:

Merknad: Når det gjeld desse bøkene: Gresk: 1. Esra (Vulgata: 3. Esra, slavisk: 2. Esra) og 3. Makkabearbok, vil den gamalkatolske kommisjonen legge til: Sjølv om desse bøkene ikkje er avviste av deira Kyrkje, er dei heller ikkje inkluderte i den gamal-katolske lista over bibelske bøker, som skriv seg frå den latinske tradisjonen. Den Internasjonale Gamalkatolske Bispekonferansen har enno ikkje teke stilling i dette spørsmålet.

b) Dei kanoniske bøkene i det Nye Testamentet utgjer i alt tjue-sju i talet, dvs.: Dei fire evangelia etter

Matteus, Markus, Lukas og Johannes; Apostelgjerningane; Paulus-breva: Romarane, 1. og 2. Korintarane, Galatarane, Efesarane, Filipparane, Kolossarane, 1. og 2. Tessalonikarane, 1. og 2. Timoteus, Titus, Filemon og Hebrearane; dei katolske breva: Jakob, 1. og 2. Peter, 1., 2. og 3. Johannes, Judas; og Johannes' Openberring.

I.3 Den heilage treeininga

Vi trur og vedkjenner éin Gud i tre hypostasar, Fader, Son og Heilagande. Faderen, som "elska" Sonen "før verda vart grunnlagd" (Joh 17:24), openberra seg sjølv gjennom han i Heilaganden for at denne kjærleiken kan vere i hans læresveinar (Joh 17:26) gjennom samfunnet av Heilaganden som er "gjeven i hjarto våre" (Gal 4:6). Denne openberringa er eit mysterium umogleg å skildre eller å forklare, eit kjærleiksmysterium, "for Gud er kjærleik" (1.Joh 4:8).

1. På grunnlag av denne openberringa trur vi at den Gud som av naturen er éin, er treeinig i hypostase eller i personar. Faderen, Sonen og Heilaganden viser dei tre veremåtane, utan opphav og evig, åt dei tre personane og deira mellomverande; desse personane er udeleleg ihopbundne med kvarandre og sameinte i eit guddomeleg vesen. Slik "tilbed vi einskapen i treeininga og treeininga i einskapen, i deira paradoksale ulikskap og sameining." (Gregor av Nazians, or. 25.17 – PG 35.1221).

2. Vi forstår denne einskapen, på den eine sida og først og fremst, som einskap og identitet i det guddomelege vesenet, og på den andre sida som einskap og identitet i eigenskapar, energiar og vilje. Når vi forstår det slik at Sonen og Heilaganden går ut frå Faderen som deira einaste opphav og grunn, er vi nøye med å ivareta einskapen deira utan at dei vert blanda saman. Difor "ut frå einskapen i natur og den gjensidige infiltrasjon av hypostasar og deira sams vilje og gjerning, makt, styrke og rørsle, veit vi at Gud er éin og udeleleg: for Gud er i sanning éin: Gud (Fader) og Ordet og hans Ande" (Johannes av Damaskus, f.o. 8 – PG 94.825), som ei evig utelukking av nokon som helst separasjon eller deling av vesenet eller underordning av dei tre personane grunna i fortrinn eller forrang.

3. Vi forstår treeininga på den eine sida som skilnaden mellom dei tre personane, men på den andre sida som mangfaldet av deira framgangsmåtar. For dei tre guddomelege personane er ulike kvarandre utan å vere delte; kvar av dei har guddomens fullnad, og den eine guddomelege naturen vert sjølvsagt verande usplitta og udelt, slik at "guddomen er udelt i det særmerkte (hypostasane)" (ameristos en memerismenois – Gregor av Nazians, or. 31.14 – PG 36.149). Faderen merkjer seg ut frå dei andre personane ved at det er frå hans ævelege natur han føder Sonen og sender ut Heilaganden. Sonen skil seg frå dei andre personane ved at han er fødd av Faderen; Heilaganden ved at han går ut frå Faderen. Slik er Faderen ikkje fødd, utan grunn (anaitios) og utan opphav, men samstundes er han Sonen og Heilaganden si einaste rot og kjelde." (Basilius den store, hom. 24.4 - PG 31.609). Han åleine er deira grunn (aistios) som frå æva føder Sonen og sender ut Heilaganden. Når det gjeld Sonen, er han fødd av Faderen; Heilaganden er send frå eller utgår frå Faderen. Difor er Faderen utan grunn (anaitios) og er sjølv grunnen (autoaitios), liksom Sonen og Heilaganden har sin grunn i Faderen, Sonen fordi han er fødd, Anden fordi han er utsend, og for dei begge gjeld at dei er utan opphav og ævelege, udelelege og uskiljelege. Tilsvarande er det med det mystiske og uutseielege, men likevel verkelege skiljet mellom dei tre hypostasane eller personane i den Heilage Treeininga: Det består eine og åleine av dei tre sine eigenskapar som ikkje kan overførast, nemleg om Faderen at han ikkje er fødd, om Sonen at han er fødd og om Heilaganden at han utgår. "Dei tre heilage hypostasane er eine og åleine kjennemerkte ved desse hypostatiske eigenskapane, ikkje i vesenet, men ved kvar hypostase sitt eigenarta særpreg. Og sjølv om dei er delte, forblir dei udelelege" sidan dei "ikkje står for vesenet, men den gjensidige relasjonen og veremåten. (Johannes av Damaskus, f.o. 8;10 – PF 94.824,837)

4. Om Heilaganden spesielt lærer den Heilage Skrifta (Joh 15:26), den nikensk-konstantinopolitanske trusvedkjenninga frå det 2. økumeniske konsilet og den eldste Kyrkja generelt at han går ut frå Faderen, guddomskjelda og -opphavet. Hans evige utgang frå Faderen skal her haldast åtskild frå hans openberring i tida og sending til verda som skjer gjennom Sonen. Når vi difor forstår Heilaganden sin utgang som uttrykk for hans evige veren og utgang utan opphav, vedkjenner vi at han utgår frå Faderen åleine og ikkje i tillegg frå Sonen. Men når vi forstår dette som uttrykk for Heilaganden si kome i tida og hans sending til verda, då vedkjenner vi utgangen frå Faderen gjennom Sonen, eller også frå både Faderen og Sonen.

Tilsvarande trur vi på Heilaganden "som utgår frå Faderen … og vert gjeven til heile skapningen gjennom Sonen… Vi seier ikkje at Anden er frå Sonen… (Men) vi vedkjenner at han er openberra og gjeven til oss gjennom Sonen… (Han er) Gud Faderens Heilage Ande sidan det retteleg er frå Faderen han utgår, men han er også sagt å vere Sonen sin Ande fordi han retteleg er openberra og gitt til skapningen gjennom Sonen, men utleier ikkje sin veren frå Sonen" (Johannes av Damaskus, f.o. 8;12; hom. 4.4 – PG 94.821,832,833, (849); 96.605).

I samsvar med dette seier Læreskrivet frå den Internasjonale Gamalkatolske Bispekonferansen i 1969: "Vi avviser fullstendig filioque-tillegget som er

gjort i Vest på 1000-talet utan å ha blitt godkjent av noko økumenisk konsil. Grunnlaget for denne avvisninga er ikkje berre den ukanoniske forma dette tillegget har, sjølv om det i seg sjølv representerer eit brot på kjærleiken som einskapsbandet. Men framom alt avviser vi alle læresetningar som gjer Sonen til med-opphavsmann til Anden." Sameleis understrekar same Bispekonferansen same året i ei spesialfråsegn "Om Filioque-spørsmålet", "at der er berre éin grunn og éi kjelde i den høgheilage Treininga: Faderen."

II LÆRA OM KRISTUS

II.1 Inkarnasjonen av Guds Ord

1. Vi trur på Jesus Kristus, Guds einaste Son og einaste Ord, "som for oss menneske og til vår frelse kom ned frå himmelen og vart inkarnert ved Heilaganden av Maria møy og vart menneske" (Nikenske-konstantinopolitanske trusvedkjenning). I inkarnasjonen steig den evige og tidlause Gud inn i tida og historia som eit menneske "for å kunne sameine menneskeslekta enno ein gong med seg sjølv som hovudet" (Kyrill av Alexandria, Nest 1.1 – PG 76.17).
Jesus Kristus har to naturar: Han er fullkomen Gud som har alt det Faderen har, utanom det å ikkje vere fødd; man samstundes er han også fullkome menneske "med ei fornuftig sjel og kropp", lik oss på alle måtar utanom vår synd. Som menneske utmerkar Jesus Kristus seg framom alle menneske ved sin overnaturlege fødsel og syndefridom, etter som inkarnasjonen kom ved Heilaganden og av Maria møy, og han var også fri frå arvesynda og frå all personleg synd.

2. Når det gjeld Kristi to naturar, den guddomelege og den menneskelege, vedkjenner vi det Kyrkja lærer på grunnlag av den Heilage Skrifta og den heilage tradisjonen: At dei to naturane, den guddomelege og den menneskelege, har blitt hypostatisk sameinte i Kristus, og det i sanning i Guds Ords hypostase eller person, "utan samanblanding, utan endring, utan deling, utan skilje (4. Økumeniske Konsil – Mansi 7.116).
Jesus Kristus er Gud-mennesket, den eine guddomelege personen i to naturar, den guddomelege og den menneskelege, med to viljar og to energiar (energeiai). Men ettersom personen Jesus Kristus sameinar dei to naturane og det er denne personen som vil og som handlar, kan vi følgjeleg kalle Herrens handlingar guddomeleg-menneskelege. "Han gjer det menneske gjer ikkje berre på menneskevis, for han er ikkje berre menneskeleg, men også guddomeleg; og han gjer det Gud gjer ikkje berre på guddomeleg vis, for han er ikkje berre guddomeleg, men også menneskeleg." (Johannes av Damaskus, f.o. 59 – PG 94.1060). Ved at dei to naturane er "gjensidig gjennomtrengande" eller "gjensidig ibuande", vert ikkje berre dei to naturane, viljane og gjerningane/energiane ivaretekne, men det same vert også einskapen i personen.

3. Den hypostatiske unionen har visse konsekvensar for læra om den Heilage Treeininga:
a) Sjølv om heile den guddomelege naturen vart sameint med menneskenaturen i Jesus Kristus, vart ikkje heile den Heilage Treeininga inkarnert, men berre den andre personen i Treeininga.
b) Inkarnasjonen fører ikkje til noko omskifte eller endring i den uomskiftelege og uforanderlege Gud.

4. Den hypostatiske unionen fører til:
a) Utveksling eller gjensidig overføring av eigenskapane. I den hypostatiske unionen vil dei to naturane, den guddomelege og den menneskelege, overføre eigenskapane sine til kvarandre, ved at dei gjennomtrengjer kvarandre og bur i kvarandre.
b) Guddomeleggjeringa (theosis) av Kristi menneskelege natur. Den held seg sjølvsagt "innanfor grensene som er gitt for den (menneskeslekta)" (6. økumeniske konsil – Mansi 11.637).
c) At Kristus er utan synd.
d) Tilbedinga av Kristus også når det kjem til hans menneskenatur. Denne tilbedinga viser til Herrens guddomeleg-menneskelege person.
e) Maria møy er sanneleg Gud-føderske og Guds Mor.

5. Inkarnasjonen av Guds evige Ord, gjort ut frå kjærleik til menneskeslekta, er eit utilgjengeleg og uforståeleg mysterium, som må takast imot i tru.

II.2 Den hypostatiske unionen

Når det gjeld den hypostatiske unionen av dei to naturane, lærer Kyrkja dette:

1. Guddomsnaturen vart sameint med menneskenaturen hypostatisk, dvs. i hypostasen eller personen åt guddomsordet. I inkarnasjonen tok han ikkje opp menneskenatur generelt, men ein individuell menneskenatur. Dette fanst ikkje føreåt, det var "utan ein eigen hypostase og hadde heller ikkje frå før nokon individualiet … men Guds Ord vart sjølv hypostase i kjøt" (Johannes av Damaskus, f.o. 55; 46 – PG 94.1024,985). Følgjeleg tok ikkje Herren på seg ein menneskeleg hypostase, men ein menneskenatur, og det var verkeleg menneskenatur i all fullnad. Den menneskenaturen han tok opp, var i sanning komplett "med ei fornuftig sjel og ein kropp" (4. ekumeniske konsil – Mansi 7.16). Han eksisterte ikkje på førehand i eit individ, uavhengig av personen Jesus Kristus, heller ikkje hadde han tidlegare vore skapt, men hans eksistens begynte nett i det den guddomelege inkarnasjonen "ved Heilaganden i Maria møy" fann stad, i den heilskapen som personen eller hypostasen Guds Ord utgjer. Han hadde difor heller ikkje nokon annan hypostase enn denne eine Guds Son.

2. Jesus Kristus er difor éin person ”i to naturar”, den guddomelege og den menneskelege, men ikkje ”or to naturar”. Det 4. ekumeniske kyrkjemøtet lærer oss ”å vedkjenne … ein og den same Kristus, Son, Herre, einborne, kjend i to naturar, utan samanblanding, utan utskifting, utan deling, utan skilje; kjennemerka for dei to naturane vert på ingen måte viska ut av sameininga mellom dei, men heller vert det særmerkte ved kvar av dei teke vare på og sameint til éin person og substans (hypostase)” (Mansi 7.116). Den hypostatiske sameininga av Kristi to naturar som kom istand ved unnfanginga, utan samanblanding eller oppdeling, blir for alltid verande udeleleg og uoppløyseleg. Menneskenaturen vert for alltid verande uskiljeleg sameint med guddomsnaturen. Gud-mennesket er difor ”Jesus Kristus … i går og i dag den same, ja, til evig tid.” (Hebr 13:8).

3. Sidan der er to naturar i Jesus Kristus, den guddomelege og den menneskelege, er der også to viljar i han som opptrer fritt og som tilhøyrer kvar av naturane, den guddomelege og den menneskelege; to krefter (energeiai) som tilhøyrer kvar av naturane, den guddomelege og den menneskelege, så vel som to frie viljar (autexousia) som tilhøyrer kvar av naturane, den guddomelege og den menneskelege; visdomen og kunnskapen er også både guddomeleg og menneskeleg. Etter som Herren er lik i vesen med Gud Faderen, har han vilje og opptrer i fridom som Gud; fordi han også er lik i natur med oss menneske, har han vilje og opptrer i fridom også som menneske. Han har sjølvsagt ’vilje og handling’ ”ikkje oppdelt men sameint; han vil og arbeider sjølvsagt i kvar av dei to naturane i fellesskap med kvarandre”. Difor forstår vi dei to viljane ikkje som motsetningar eller som konkurrentar, men kvar av dei vil det same som den andre, kvar etter sin måte. Den veike menneskeviljen følgde visseleg den sterke guddomelege viljen og underordna seg sjølv under han, for begge viljane og kreftene handla ”i einskap” og ”samarbeidde om frelsa for menneskeslekta” (6. ekumeniske konsilet – Mansi 11.640). Generelt uttrykt: ”Sidan Krisi hypostasar er éin og Kristus er éin, er han éin som vil i samsvar med begge naturane: som Gud av godvilje og som menneske i lydnad” (Johannes av Damaskus, volunt. 27 – PG 95.160).

Kyrkja lærer difor det som fedrene på det 6. ekumeniske konsilet definerte slik: ”Vi held trutt og på alle vis fast på ’utan samanblanding’ og ’utan deling’ og forkynner kort sagt: Sidan vi trur at ein av den Heilage treeininga, etter vår Herre Jesu Kristi inkarnasjon, er vår sanne Gud, stadfester vi at dei to naturane hans viser seg i hans eine hypostase… Oppdelinga av naturane i den eine hypostasen viser seg i det faktum at kvar av naturane vil, og utfører, det som er etter deira eigenart i samfunn med den andre. På same vis rosar vi viljesytringane og gjerningane som tilhøyrer dei to naturane som samarbeider til frelse for menneskeslekta.” Sjølv etter sameininga ”var ikkje hans guddomeleggjorde menneskevilje utsletta, men vart verande ved sterkare enn før. (Mansi 11.638, 640).

II.3 Guds mor

Kyrkja trur at den guddomelege og den menneskelege naturen er hypostatisk sameinte i Jesus Kristus. Sameleis trur ho at den velsigna Maria møy fødde ikkje berre eit menneskebarn, men gud-mennesket Jesus Kristus, og at ho difor verkeleg er Guds mor slik det 3. ekumeniske konsilet definerte og det 5. ekumeniske konsilet stadfesta. Ifølgje den heilage Johannes av Damaskus er det slik at namnet ”Guds mor” (theotokos) ”omsluttar heile mysteriet i den guddomelege frelsesplanen” (f.o. 56 – PG 94.1029).

1. I Maria møy tok Guds Son opp heile menneskenaturen, kropp og sjel, i kraft av guddomeleg allmakt, for krafta åt Den høgste skyggja over henne og Heilaganden kom over henne (Luk 1:35). På denne måten vart Ordet kjøt (Joh 1:14). Ved det sanne og ekte morskap som Maria møy utøvde, vart Frelsaren sameint med menneskeslekta.

Der er eit ibuande samband mellom sanningane om den eine Kristus og Marias guddomelege morskap. ”… for ei sambinding av dei to naturane vart gjort; difor vedkjenner vi éin Kristus, éin Son, éin Herre. Etter denne forståinga av unionen som er utan samanblanding, vedkjenner vi den heilage møya som ’theotokos’ fordi Guds Ord vart kjøt og levde som eit menneske, og frå unnfanginga av sameinte seg sjølv med det templet han mottok frå henne” (3. økumeniske konsilet, Unionsformelen – Mansi 5.292). ”…vi lærer med ei stemme at (Guds) Son og vår Herre Jesus Kristus, skal vedkjennast som éin og same person … fødd av Faderen før alle tider etter sitt guddomsopphav, men i desse siste tider fødd for oss og til vår frelse av Maria møy, Guds mor, etter sitt menneskelege opphav” (4. ekumeniske konsilet, Truserklæringa - Mansi 7.116).

2. Idet Kyrkja ærar Maria møy som Guds mor - den heilage Ignatius av Antiokia kalla barnefødselen hennar ”eit mysterium som skal ropast ut høgt” (Efes 19:1 – PG 5,660) – ærar Kyrkja også hennar evige møydom. Guds mor er alltid møy sidan ho, fordi ho vart verande ugift, fødde Kristus på ein måte som ikkje kan skildrast og ikkje forklarast. I fråsegna til keisar Markian, erklærte fedrene på det 4. ekumeniske konsilet: «... fedrene ... har utlagt trusinnhaldet for alle og forkynt nøye inkarnasjonen si velsigning: Korleis mysteriet i frelsesplanen var førebudd både frå det høge og i morslivet, korleis møya vart kalla Guds mor for hans skuld som sikra møydomen hennar også etter svangerskapen og let kroppen hennar

på ein vidunderleg måte vere forsegla, og korleis ho med rette vert kalla Guds mor på grunn av det kjøt som kom frå henne og som ho gav til han som er Herren over alle ting» (Mansi 7.461). Og det 7. ekumeniske konsilet erklærer i vedtaket sitt: «Vi vedkjenner at han som var inkarnert av den plettfrie Guds mor og alltid-møy Maria, har to naturar» (Definitio – Mansi 13.377). Som den heilage Augustin seier: «Han vart fødd av Heilaganden og av Maria møy. Og også fødselen som menneske er i seg sjølv både nedrig og opphøgd. Kvifor nedrig? Fordi som menneske er han fødd av eit menneske. Kvifor opphøgd? Fordi han vart fødd av ei møy. Ei møy avla, ei møy fødde, og etter fødselen heldt ho fram med å vere møy» (symb. 1.3/6 – PL 40.630). (Kfr også Sophronius av Jerusalem, ep. Syn. - PG 87.3164, 3176; Johannes av Damaskus, f.o. 87 – PG 94.1161; Maximus Confessor, ambig. 31 – PG 91.1276 og andre).

3. Difor ærar Kyrkja på spesiell måte møya Guds mor, vel å merke «ikkje som guddomeleg, men som Guds mor etter kjøtet» (Johannes av Damaskus, imag. 2.5 – PG 94.1357). Når så Kyrkja på grunn av velsigningane frå frelsa i Kristus, ærar Gud over alle ting og tener han i sann tilbeding for guddomsnaturen åleine, ærar ho samstundes Guds mor som den utvalde reidskapen i frelsesverket, ho som i tru svarte ja til Guds ord i audmjuk teneste, som den porten Gud steig inn til verda gjennom. Kyrkja kallar henne Den Velsigna, den fyrste av helgenane og Herrens reine tenestkvinne, og tilskriv henne dermed at ho er relativt syndefri av nåde, frå den tid av då Heilaganden kom ned over henne, for etter naturen og absolutt syndefri er åleine vår Frelsar Jesus Kristus.

Kyrkja godkjenner ikkje dei seinaste dogma om Guds mor si uflekka unnfanging og kroppslege opptaking i himmelen. Men ho feirar Gudsmora sin inngang i det evige livet og held høgtideleg festen for hennar innsomning.

4. Kyrkja ærar Guds mor også som forbedar for menneska for Gud, som på særleg vis er hennar rolle på grunn av den framståande plassen ho har i frelsesverket. Men Kyrkja skil mellom Guds mor si forbønsgjerning og den einestående rolla Jesus Kristus har som mellommann: «For der er éin mellommann mellom Gud og menneske: mennesket Kristus Jesus» (1. Tim 2:5). «Å du miskunnsame, vis din kjærleik til menneska: Ta imot Guds mor som fødde deg, som går i forbøn for oss, og frels ditt hjelpelause folk, du vår Frelsar (bysantinsk laurdag vesper, 8. tone, Theotokion).
«... Å Gud ... gi oss alle del i livet åt Son din i fellesskap med Maria møy, Den velsigna Mor åt vår Herre og Gud ... og med alle dine heilage. Sjå på deira liv og død og svar deira forbøner for di Kyrkje på jorda» (Messeliturgien til den Krist-katolske kyrkja i Sveits).

Sjølv om Guds mor altså i Kyrkja sine hymner vert kalla 'formidlar' (mediatrix – mesitria), er dette aldri i tydinga med-formidlar (commediatrix) eller med-utløysar (corredemtrix), berre i tydinga forbedar.

III LÆRA OM KYRKJA

III.1 Kyrkja sin natur og kjenneteikn

I. 1. Kyrkja står etter sin natur i næraste samanheng med den Treeinige Guds mysterium, som openberrar seg i Kristus og Heilaganden (sjå Efes 5:32). Ho er «skatten i den ubeskrivelege Guds løyndom» (Johannes Chrysostemos, i ep.I. Ad Cor. Hom. 16,3 – PG 61,134).

Korkje Skrifta eller tradisjonen gir nokon direkte og fullstendig definisjon av omgrepet «Kyrkje», men det finst mange bilete og symbol som indirekte lærer oss kva Kyrkja er etter sitt vesen/natur.

Etter Skrifta er Kyrkja «Kristi lekam» (Rom 12:4f; 1. Kor 12:13.27), «Guds folk» (1. Pet 2:10), Guds «husfolk» eller «tempel» (1.Tim 3:15; Efes 2:19; 1. Kor 3:16f), eit «kongeleg presteskap» (1. Pet 2:9), Kristi brud (sjå Mark 2:20; Matt 25:1ff; Opb 21:2), Guds «vingard» (Jes 5:7).

I tradisjonen finst også omtale av Kyrkja som framhevar eitt eller anna aspekt ved Kyrkja: Ho har ein episkopal struktur, ho har ein presteleg og karismatisk karakter, ho er fellesskapen av dei truande, ho består av alle sanne truande til alle tider, ho er menneskeslekta sameint i Gud-mennesket.

2. Kyrkja er difor etter sin natur ikkje ein reint menneskeleg fellesskap, ikkje eit forbigåande fenomen i menneskeslekta si historie. Ho er grunna i Guds evige avgjerd og plan til beste for verda og menneskeslekta. I det Gamle Testamentet var ho føregripen i Israel og av profetane føreått kunngjord at ho skulle bli det komande Gudsfolket i den nye pakta der Gud ville opprette sitt endelege og universelle rike på jorda (Jes 2:2; Jer 31:31). Då tida var komen, vart dette verkeleggjort i inkarnasjonen av Guds Ord, gjennom forkynninga av evangeliet, utvelginga av dei tolv apostlane, innsetjinga av Herrens nattverd, Kristi død på krossen og hans oppstode, så vel som gjennom sendinga av Heilaganden på pinsedagen til helging av Kyrkja og utrusting av apostlane til deira gjerning.

3. Så er Kyrkja som Herren har grunnlagt på jorda, Kristi lekam, med Kristus som hovud, ei guddomeleg-menneskeleg organisme; ein fellesskap som kan bli omtalt og forstått, og samstundes eit indre og åndeleg tilhøve mellom hennar medlemer og hennar guddomelege grunnleggjar og medlemane seg

imellom. Som Guds pilegrimsfolk lever Kyrkja på jorda i venting på Herrens gjenkomst når Gudsriket vert fullenda. Ho finst og lever både i himmelen i alle dei som har nådd fullendinga og som der feirar sigeren, og på jorda i dei truande som kjempar den gode striden i tru (sjå 2. Tim 4:6). Etter den eine synsmåten er Kyrkja usynleg og himmelsk, etter den andre er ho jordisk og synleg, ein fellesskap og organisme med eit hyrde- og presteembete som strukturelt stammar frå apostlane med vedvarande dogmatiske og etiske grunnsetningar og ei fast, ordna gudsteneste, ei organisme der det er skilnad på kleresi og lekfolk.

I Kyrkja vert det nye livet i Kristus fullført i Heilaganden; i henne vert nåden og det guddomelege livet som er i hovudet gjeve til alle lemene på lekamen til deira helging og frelse.

4. Kyrkja som Herren har grunnlagt på jorda, kan difor ikkje vere noko reint innvendig, ein usynleg fellesskap eller eit ideal og ei udefinerbar Kyrkje som dei einskilde kyrkjene berre er eit ufullkome bilete av. Ei slik oppfatning av Kyrkja sin natur står i motsetnad til ånda i Skrifta og tradisjonen; ho øydelegg openberringa sitt verkelege innhald og Kyrkja sin historiske karakter.

II. Kyrkja sin natur/vesen er dogmatisk formulert i den nikensk-konstantinopolitanske trusvedkjenninga (symbolet) som er stadfesta av det 4. ekumeniske konsilet i Kalkedon. I dette trussymbolet følgjer vedkjenninga av trua på «ei, heilag, katolsk og apostolisk Kyrkje» (Mansi 7.112) rett etter vedkjenninga av trua på den treeinige Gud.

1. Kyrkja er éi, for liksom Kristus, hovudet for Kyrkja, er éin, så er det også éin kropp, gjort levande av Heilaganden, der Kristus som hovud og dei truande som medlemer, er sameinte. I denne lekamen er alle dei lokale kyrkjene bundne ihop med kvarandre i ein einskap av tru, gudsteneste og kyrkjeordning. Einskapen av tru og gudsteneste representerer det bandet som bind dei truande ihop med Forløysaren og med kvarandre i kjærleik og fred, og vert uttrykt i vedkjenninga av den same trua og i feiringa av den same liturgien så langt som læra tillet det. Einskapen i kyrkjeordning kjem til uttrykk ved at leiarskap vert utøvd på same prinsipielle grunnlag, og dei truande godtek eitt embete og éin autoritet i samsvar med dei kanoniske reglane, dvs. biskopsembetet som har ein konsiliær grunnstruktur.

Sjølv om kyrkjemedlemane oppfattar trussanningane ulikt, vil ikkje det truge eller minske trusfellesskapen. Heller ikkje skjer det når Kyrkja somme tider viser tålmod mot menneske som har fjerna seg frå den sams tru og kyrkjeordning, og lét vere å utestenge dei frå kyrkje-fellesskapen av pastorale grunnar og for fellesskapen si skuld.

Så har altså Kyrkja, Kristi lekam, mange medlemer, og dei utgjer alle éin lekam og er sameinte i ein usynleg einskap. Herren bad for denne einskapen der einskapen av dei truande er grunna i einskapen av Faderen og Sonen (Joh 17:21) som eit bilete på den Treeinige Gud. «For Faderen, Sonen og Heilaganden har éin vilje. Difor er det hans vilje at også vi skulle vere eitt, slik han seier det: At dei alle må vere eitt slik du og eg er eitt» (Johannes Chrysostemos, hom 78.3 i Jo. - PG 59.425).

2. Kyrkja er heilag sidan Kristus, hovudet hennar, er heilag og gav seg sjølv for henne «for at han kunne helge henne ... så Kyrkja kunne bli stelt fram for han i herlegdom utan flekk eller rukke eller noko slikt, heilag og lytelaus skulle ho vere» (Efes 5:26-27). Kristus gjorde Kyrkja til «Guds hus» (1. Tim 3:15; Hebr 3:6); han gav henne fellesskap og del i sin heilagdom og nåde og i sitt guddomelege liv; han «som helga folket med sitt eige blod» (Hebr 13:12). Difor vert også kristne kalla heilage (Apg 9:13).

Det faktum at medlemane av Kyrkja syndar, gjer ikkje Kyrkja sin heilagdom om inkje. Fedrene var samstemte i fordømminga av dei som av overdrivne og asketiske omsyn meinte at Kyrkja er ein fellesskap av berre fullstendig heilage medlemer.

3. Kyrkja er katolsk, sidan Kristus, hovudet hennar, er Herren over alle ting. Ho er etla til å omslutte heile skaparverket, over alle folk og gjennom alle tider (Mt 28:20; Mk 16:15; Apg 1:8). Dette er katolisiteten si ytre, kvantitative meining.

Kyrkja vert kalla katolsk i ei indre, kvalitativ meining av ordet, for sjølv om ho er spreidd over heile jorda, er ho alltid og alle stadar den same. Ho er katolsk fordi ho har den sunne læra (Tit 2:1; sml 1.Tim 6:20), held fram i den opphavlege tradisjonen frå apostlane og tek i sanning vare på og held fast ved «det som har blitt trudd alle stader, alltid og av alle» (Vincent av Lerins, commonit. 2 – PL 50.640). Kyrkja er difor katolsk i den meininga at ho er den ortodokse, autentiske og sanne Kyrkja.

Etter Kyrill av Jerusalem er «Kyrkja kalla katolsk fordi ho strekkjer seg ut over heile verda frå eine enden av jorda til den andre; og fordi ho lærer universelt og fullstendig alle trussanningane som skulle verte kjende for menneska, både om dei synlege og dei usynlege ting, dei himmelske og dei jordiske; og fordi ho fører heile menneskeslekta fram til gudsfrykt, herskarar så vel som undersåttar, lærde såvel som ulærde; og fordi ho både lækjer og gjer heil alle slag synder som vert gjort med såvel kropp som sjel, er ho også berar av alle dei dygder som tenkjast kan, i gjerningar og ord og i alle slag nådegåver (Cyr. Jer. Cat. 18.23 – PG 33.1044).

4. Kyrkja er apostolisk, sidan hennar guddomelege grunnleggjar var den første «apostel» (Hebr 3:1; sml Gal 4:4), og fordi ho er bygd på «apostlane og profetane sin grunnvoll, og Kristus sjølv er hjørnesteinen» (Efes 2:20).

Jesu sending står i ein vidare samanheng: Sonen vert sendt inn i verda av Faderen, og han sender sjølv læresveinane (sjå Joh 20:21) idet han seier til dei: «Den som høyrer dykk, høyrer meg» (Luk 10:16). Etter deira død held Kyrkja fram sendinga, tek vare på den sanningsarven Herren har tiltrudd apostlane og gir han vidare i åndeleg liv, i sakramentsfeiring og i lære. Den apostoliske læra som Kyrkja tek vare på, er apostolisiteten si innside. Den andre delen som høyrer til, er den ubrotne rekkja av hyrdingar og lærarar i Kyrkja som tok til med apostlane; denne er Kyrkja sitt ytre merke og pantet på sanninga hennar. Desse to sidene ved apostolisiteten, den indre og den ytre, stør og føreset kvarandre; om den eine eller den andre manglar, er heile Kyrkja sin apostolisitet og trusfullnad skadd.

Kyrkja sine fire dogmatiske eigenskapar gjennomtrengjer kvarandre i uoppløyseleg einskap og vitnar om at Kyrkja er uskadeleg (ikkje skal kunne øydeleggjast) og er ufeilbarleg, «sanninga si støtte og grunnvoll» (1. Tim 3:15).

III.2 Einskapen av Kyrkja og lokalkyrkjelydane

1. Kyrkja er Kristi eine, udelelege lekam, der dei truande som lemar på hans lekam, er sameinte med Kristus som hovudet og med kvarandre. Det høgaste uttrykket for og den evigvarande kjelda til denne einskapen er evkaristi-sakramentet, kommunionen med Kristi lekam og blod: «Fordi det er eitt brød, er vi alle éin lekam, for vi har alle del i det eine brødet» (1. Kor 10:17).

2. Den eine Kyrkja på jorda er å finne i dei mange lokalkyrkjene der livsmidtpunktet er feiringa av den heilage evkaristien i samfunn med den lovlege biskopen og prestane hans. «Følg alle biskopen slik Jesus Kristus gjorde med Faderen, og presten slik de ville følgd apostlane. ... Den evkaristien blir feira gyldig som vert leia av biskopen eller ein som biskopen har tiltrudd dette oppdraget» (Ignatius av Antiokia, Smyrn. 8.1 – PG 5.582).

3. Utbreiinga av den kristne trua til ulike land og folk og framveksten av ei mengd lokalkyrkjer, har ikkje oppheva einskapen i Kyrkja og gjer det heller ikkje idag, så lenge dei lokale kyrkjene samhuga og reint og usmitta tek vare på den trua dei har fått overgjeve frå Herren gjennom apostlane. Einskap i tru er den høgaste grunnregel i den katolske Kyrkja: «Kyrkja ... har teke imot trua frå apostlane og læresveinane deira, trua på den eine Gud, den allmektige Faderen ... og på den eine Jesus Kristus, Guds Son ... og på Heilaganden. Kyrkja har motteke denne forkynninga. Sjølv om ho er spreidd ikring i heile verda, tek ho nøye vare på denne forkynninga som om ho levde i eitt og same hus. Ho held fast på denne tru som om ho hadde berre éi sjel og eitt og det same hjarta, og ho forkynner, lærer og overleverer henne samstemt, som om ho gjorde det med éin munn» (Ireneus av Lyon, adv. Haer. 1.10.1-2- PG 7.549.552).

4. Som ein fellesskap av truande samla kring biskopen og presteskapet og som Kristi lekam, er kvar lokalkyrkjelyd ein manifestasjon av heile Kristus på den staden. Han representerer heile Kyrkja sitt sakramentale nærvere på denne staden. For det livet som er gitt til Kyrkja av Gud Fader gjennom Kristi nærver i Heilaganden, er gjeve til kvar lokalkyrkjelyd, ikkje i oppdelt utgåve, men slik at kvar av dei har del i heile fullnaden. Trass i all skilnad i skikk og bruk, er livet i lokalkyrkjelydane eitt og det same i sitt vesen: «Ein lekam, ein ande, ... ein Herre, ei tru, ein dåp, ein Gud og Far for alle...» (Efes 4:4-6). På kvar stad er der ikkje fleire lekamar men den eine Kristi lekam, udelt og heil. Denne einskapen i livet åt lokalkyrkjelydane speglar einskapen i den heilage Treeininga.

5. Lokalkyrkjene kjenner att den same realitet i kvarandre, og dei stadfester sin vesenseinskap først og fremst ved einskapen i tru, men også ved einskapen i sitt liturgisk-sakramentale liv, ved einskapen i grunnprinsippa for si kanoniske ordning og kyrkjestyre såvel som ved einskapen i episkopatet. Desse grunnprinsippa har fått sitt autentiske uttrykk i dei kanoniske vedtaka i dei sju ekumeniske synodane og dei godkjende, lokale synodane, eller dei har fått vitnemål hjå kyrkjefedrene. Sidan Kyrkja i vår tid enno ventar på og difor bed til Gud om at han frir henne frå det vonde, gjer henne fullkomen i sin kjærleik og samlar henne frå alle endane av jorda til sitt rike (Didaché 10.5;9.4), må lokalkyrkjelydane i overgjeving ta vare på den vesenseinskapen som er gitt dei og stadig kjempe mot synda og splittinga sine krefter.

6. Lokalkyrkjene som innanfor sin region over tid har bygd opp ein nærare fellesskap med ein biskop som fremste leiar, stadfester og praktiserer denne fellesskapen ved at medlemane får ta imot dei evkaristiske gåvene hjå kvarandre, ved at leiarar og representantar gjensidig vitjar kvarandre, ved utveksling av helsingar så vel som ved gjensidig hjelp og forbøn og på andre måtar som svarar til dei gåvene kvar av dei har fått. Alle er nøye med å halde seg til regelen om ikkje å blande seg inn eller gripe inn i indre tilhøve hjå dei andre.

7. I saker som gjeld tru eller andre saker av sams interesse, dvs. saker som gjeld alle og som går ut over den kompetanse

kvar einskild kyrkje har, rådfører lokalkyrkjene seg med kvarandre og gjer sams vedtak, idet dei i slike synodar lojalt tek omsyn til den ære- og rangordning som er kanonisk vedteken i Kyrkja. Dette gjeld framom alt på økumeniske synodar som er øvste autoritet i Kyrkja, instrumentet og stemma som den Katolske Kyrkja talar gjennom, og slik stadig legg vekt på å ivareta og styrkje einskapen hennar i kjærleik.

III.3 Kyrkja sine grenser

1. Guds kjærleik og hans frelsesvilje er utan grenser og omfattar alle menneske til alle tider i heile skaparverket, for det er hans vilje «at alle menneske skal verte frelste og lære sanninga å kjenne» (1. Tim 2:4). Etter den guddomelege frelsesplanen er det i og gjennom den Kyrkja Gud har innstifta, og ikkje langt borte frå henne og uavhengig av henne, at menneske får del i frelsa, for i Kyrkja finst den guddomelege sanninga og henne har Frelsaren overgjeve dei midla som gjer sæl; Kyrkja er den sikre vegen til frelse og evig liv. Frelse vert gjeven til truande i Kyrkja av Heilaganden som alltid vert verande i henne. Difor er det at Ireneus også seier: «For der Kyrkja er, der er Guds Ande, og der Guds Ande er, der er Kyrkja og heile nåden» (Ireneus av Lyon, adv. haer. III.24.1 – PG 7.966).

2. På grunn av synda tek ikkje alle imot Guds frelsande nåde og kjem ikkje inn i kyrkjefellesskapen. Men heller ikkje alle som kjem til Kyrkja, vedkjenner den guddomelege sanninga som vart openberra i Jesus Kristus då tida var komen. Gjennom historia har Kristi Kyrkje blitt delt opp i fleire kyrkjer som er usamde med kvarandre, fordi trua og læra som var overgjeven frå apostlane, vart forfalska. Idag lærer både kristne kyrkjer og vedkjenningar ulikt, ikkje berre når det gjeld uviktige spørsmål, men også på fundamentale punkt i den kristne læra. Dette førte m.a. til den falske og uakseptable teorien at den sanne, synlege Kyrkja, Kyrkja frå apostletida og kyrkjefedrene si tid, ikkje lenger eksisterer idag, og at kvar einskild kyrkje forvaltar berre ein del, større eller mindre, av den sanne Kyrkja og at ingen av dei difor kan reknast som ein ekte og i vesen fullstendig representant for den sanne Kyrkja.

3. Men frå den dagen ho vart grunnlagd, heilt til våre dagar, har den sanne Kyrkja, den eine, heilage, katolske og apostoliske Kyrkja, funnest utan noko som helst avbrot der den gamle, udelte Kyrkja si sanne tru, gudsteneste og kyrkjeordning har vore ivaretekne uendra, slik dei er uttrykte og formulerte i dei kanoniske vedtaka i dei sju økumeniske synodane og dei godkjende lokale synodane og hjå kyrkjefedrene.

4. Felleskommisjonen vår reknar heresi og skisma som så viktige at vi held dei fellesskapa som held fram i heresi og skisma som langt ifrå jamngode med den sanne og synlege Kyrkja i formidling av frelsa. Kommisjonen trur likevel at spørsmålet om Kyrkja sin grenser kan sjåast i eit vidare synsfelt. Sidan det ikkje er mogleg å setje grenser for Guds makt, han som vil at alle menneske skal finne frelsa og lære sanninga å kjenne, og sidan evangeliet talar klart om frelse gjennom trua på Guds einborne Son - «den som trur på Sonen, har evig liv, men den som er ulydig mot Sonen, skal ikkje sjå livet» (Joh 3:36) -, kan ein ikkje utelukke at den guddomelege allmakta og nåden er nærverande og aktiv alle stader der dei ikkje fullstendig har skild seg heilt frå sanninga åt den eine Kyrkja og ikkje er blitt heilt framandgjorde frå henne, alle stadar der «Gud sjølv ikkje er stilt spørsmål ved», der «kjelda til liv, Treeininga, vert forkynt og frelseshushaldninga i inkarnasjonsmysteriet vert fasthalde» (Peter III, Patriark i Antiokia, Brev til Michael Cerularios av Konstantinopel 14 - PG 120.805,808).

5. Under denne synsvinkelen i spørsmålet om Kyrkja sine grenser, der den kyrkjelege einskapen som Kristi kropp vert forstått i ei vidare meining, er alle som trur på Kristus, kalla til kjærleg, ærleg og tålmodig å søkje dialogen med kvarandre, og å be uavlatande om gjenoppretting av einskapen i tru og full kyrkjeleg fellesskap, for at Herren Gud må få føre alle menneske til å kjenne sanninga og nå den heile og fulle einskapen.

III.4 Autoriteten åt Kyrkja og i Kyrkja

I. 1. Opphavet og grunnlaget for autoriteten åt Kyrkja som ein fellesskap mellom Gud og menneske, er den fullmakta og autoriteten som Herren og hovudet hennar, Jesus Kristus, har frå Far sin, (sjå Matt 28:18; Luk 10:16). I sitt jordeliv utøvde Herren denne fullmakta og autoriteten gjenom frelsesverket og gav dei vidare til apostlane etter oppstoda – gjennom dei til biskopane – og til heile Kyrkja (Matt 28:19-20; Joh 20:21).

Herren som hadde lova Kyrkja at Han ville vere med henne «alltid, så lenge verda står» (Matt 28:20), sende henne også «ein annan talsmann», «Sanningsanden» (Joh 14:16-17: 15:26; 16:13), så Han sjølv kunne vere i henne for alltid og føre henne fram til heile sanninga. Difor vert Kyrkja kalla «den levande Guds kyrkje, sannings støtte og grunnvoll» (1. Tim 3:15).

2. Kyrkja utøver si fullmakt og sin autoritet i Jesu Kristi namn og i krafta åt den Hjelparen som bur i henne. Difor utrettar ho den oppgåva ho er tildelt på ein autoritativ måte ved dei åndelege kreftene som ho fyller alle sine medlemer med. Desse er «kjærleik, glede, fred, langmod, mildskap, godleik, truskap, spaklynde og sjølvtøyming» (Gal 5:22-23), men ikkje ved bruk av ytre tvangsmiddel.

3. Når Kyrkja utøver autoriteten som er utforma slik, leier ho medlemane sine til sannkjenning av dei guddomelege sanningane ho med fullmakt byd fram og leier dei til å tilpasse seg desse i den fridomen «Kristus har frigjort oss til» (Gal 5:1) og i lydnad. Sannkjenning veks fram under Heilaganden sin påverknad, men sanninga set oss fri (sml Joh 8:32) fordi «der Herrens Ande er, der er fridom» (2. Kor 3:17).

II. 1. Kyrkja sin autoritet, som heile Kyrkja er berar av idet ho er Kristi lekam, vart tydeleggjort opp gjennom historia gjennom hendingar og i vedtak som verna den Heilage Skrifta og den heilage tradisjonen mot forfalsking gjennom vranglærer; som skilde dei kanoniske bøkene i den Heilage Skrifta frå dei falske og fastsette den Heilage Skrifta sin kanon; som verna, tolka og vidareformidla den levande trusoverleveringa; som formulerte, kompletterte og etablerte trusvedkjenninga; som fastla presteembetet og dei grunnleggande prinsippa for kyrkjeordninga og som oppretta ordninga for messefeiringa og for heile det kyrkjelege livet.

2. Tolkinga av den Heilage Skrifta er ei vedvarande oppgåve for Kyrkja. Den Heilage Skrifta står ikkje over Kyrkja; ho kom istand innom henne. Slik Kyrkja lever i lyset frå vitnemålet åt den heilage openberringa, må ein også forstå og tolke den Heilage Skrifta i samanheng med den levande tradisjonen i Kyrkja og med kyrkjelege vedtak i trusspørsmål. Difor er berre den læresetninga sann – når ein ser bort frå dei problema som oppstår pga tidsbundne og språkavhengige uttrykk - som i sitt vesen samstemmer med den Heilage Skrifta og den heilage tradisjonen. Når Kyrkja utøver sin autoritet i dogmatiske vedtak, byggjer ho alltid på begge desse, nemleg på den Heilage Skrifta og den heilage tradisjonen, idet ho ivaretek begge desse vitnemåla sine og utdjupar forståinga av dei.

3. Ei særleg viktig rolle for Kyrkja spelar den samstemte læra åt fedrane og lærarane hennar. I skriftene deira er den apostoliske tradisjonen, som i vitnemålet i den Heilage Skrifta har fått sitt inspirerte skriftlege nedslag, ivareteken og tolka. Kyrkja godtek desse samstemte vitnemåla frå fedrane som autoritative vitnemål (sjå Vincent av Lerin, Commonit. 3 og 28 – PL 50.641, 674-678, og heile kyrkjefedretradisjonen).

III. Dette er dei særlege autoritetsberarane og -organa i Kyrkja:

1. Biskopen, som i apostolisk suksesjon er den rettmessige leiaren av den lokale Kyrkja. Den heilage Ignatius av Antiokia formulerer tydeleg stillinga og oppgåva som biskopen har i sin posisjon som autoritetsberar når han skriv at kvar den som er lydig mot biskopen set seg under Guds autoritet, for biskopen representerer og ber med seg Guds autoritet (Magn. 3,1-3; 6,1; Trall. 2,1 – PG 5.664f, 668, 676), idet han alltid handlar kollegialt saman med dei presbytarane han har innsett: «Sidan Herren ikkje gjorde noko utan Faderen som Han er eitt med, korkje åleine eller gjennom apostlane, så skal de ikkje gjere noko utan biskopen og presbytarane» (Magn. 7,1: sml. Efes. 4,1; Trall. 3,1; Smyrn 8,1 – PG 5.668, 648, 677, 713).

Med den fullmakta og autoriteten som i nåde følgjer bispeembetet, vaktar biskopen over reinleiken åt truslæra i Kyrkja, held oppe den kanoniske ordninga, administrerer sakramenta og leier gjennom forkynninga den flokken som er tiltrudd han, til den evangeliske nåden sine frelses-enger. I si Kyrkje handlar biskopen samstemmig med det presbyterium og det folk som til gjengjeld følgjer biskopen som sin evangeliske hyrding. Ifølgje Cyprian er Kyrkja «det folket som er sameint med biskopen, og den flokken som held seg til hyrdingen sin. Ein må difor skjøne at biskopen er i Kyrkja og Kyrkja er i biskopen» (Cyprian av Kartago, ep. 66.8 – PL 4.406/419).

2. Kyrkja sine synodar, særleg dei økumeniske konsila.
I konsila representerer kvar av biskopane si eiga Kyrkje i kraft av sitt biskopsembete. Konsilvedtaka hevdar og har likevel autoritet så langt som dei har tilslutnad frå Kyrkja, som er representert ved dei samla biskopane (sjå Apg 15).

IV. 1. Kyrkja sin autoritet er også knytt til Kyrkja sitt samla trusmedvit. Dette er kleresiet og dei truande si felles tru, heile Kyrkja (pleroma) sitt mest omfattande vitnemål, ho som deler ansvaret for at den overleverte sanninga alltid vert teken vare på uskadd og uforfalska. Kyrkja si samla trusforståing utgjer også, mellom andre, det avgjerande kriteriet for godkjenning av dei økumeniske konsila i seg sjølve og av deira fedrar som sanne tolkarar av Kyrkja si tru, som dei kanonisk representerer.

2. Sams trusmedvit kjem til syne på ulike måtar. Det kjem til uttrykk ved vedkjennarane og martyrane, ørkenfedrene og mystikarane, dei heilage klosterfedrene, dei karismatisk utrusta truande og i det heile teke ved alle som har motteke Heilaganden i dåpen og konfirmasjonen og som også er kalla til å vitne om evangeliet i verda, i gudsteneste og gjennom andre måtar som kyrkjelivet kjem til uttrykk på.

3. Endeleg må ein framheve at autoritet på alle nivå og på alle måtar den kjem til uttrykk, føreset sanninga, kjærleiken, audmjukskapen og fridomen si ånd. Berre då vert autoriteten åt Kyrkja og i Kyrkja utøvd som ei velsigning for hennar liv og teneste for verda. For Herren over Kyrkja, som er gjeven all makt og autoritet i himmelen og på jorda, utøvde si makt som ei tenargjerning (sjå Luk 22:27; Joh 13:14-17). Difor må Kyrkja sin autoritet ha tenesteka-

rakter og på alle vis vere innretta mot at Kristi lekam vert bygd opp og får vekse i kjærleik (sjå Efes 4:11-16).

III.5 Korleis Kyrkja er ufeilbarleg

Den verkelege og sanne Gud (Joh 3:33; 17:3; Rom 3:4; 1 Tess 1:9) sende Son sin, som sjølv er Sanninga (Joh 14:6), «for oss menneske og til vår frelse», som vert verkeleg i den Kyrkja Han har grunnlagd. Sonen sender Trøystaren frå Faderen til Kyrkja, Sanningsanden, som utgår frå Faderen, for at han alltid skal bli verande hjå henne og føre henne til heile sanninga (Joh 14:15-17). Kyrkja har difor del i den evne Gud har til å vere fullt ut sann, trufast og ufeilbarleg. Heilaganden vitnar om Kristus og difor vitnar Kyrkja om sin Herre og hans undervisning når ho tek imot den apostoliske tradisjonen og leverer han vidare (Joh 15:26-27). Heilaganden lærer henne alt og minner henne om alt det Kristus har fortalt (Joh 14:26; sjå 15:26).

Sidan Kristus er med si Kyrkje så lenge verda står (Matt 28:20), held ho – trass all menneskeleg veikskap hjå hennar medlemer – den openberra sanninga, «skatten» ho er overgjeven (2. Tim 1:14), rein og heil så dødsmaktene ikkje skal vinne over henne (Matt 16:18). Difor er Kyrkja kalla «Guds hus», «sanninga sin støtte og grunnvoll» (1. Tim 3:15) og er istand til på ein påliteleg måte å gje vidare til medlemane sine den trua ho har motteke, og å bringe uforfalska vitnemål om henne for verda. Kyrkja si ufeilbarlege evne skriv seg frå Herren og frå Heilaganden. Kyrkja er i Kristus, og han arbeider i henne gjennom Anden som er utrent i hjarta åt dei truande (sjå Gal 4:6). Denne ufeilbarlege evna er ikkje gjort ugyldig i sitt vesen av medlemane sine synder og manglar (sjå Rom 3:3-4).

Kyrkja er ufeilbarleg berre som heilskap og ikkje ved hennar medlemer kvar for seg, anten dei er biskopar, patriarkar eller pavar, eller dei er kleresi, folk eller einskild-kyrkjelydar. Sidan Kyrkja er fellesskapen av truande som er opplærde av Gud (sjå Joh 6:45), gjeld ufeilbarlegdomen berre heile Kyrkja. Ordinerte og lekfolk utgjer som medlemer Kristi lekam og er «fullnaden av han som fyller alt i alle» (Efes 1:23). Det er dei truande som heilskap som har «salven frå han som er den heilage», som retteleg kjenner sanninga (sjå 1. Joh 2:20.27) og lever av henne. Denne heilskapen av truande feilar ikkje når dei vedkjenner trua samstemde frå biskopane til dei siste av det truande
folket.

Difor er det høgaste kyrkjelege organet som kan uttrykkje trua ufeilbarleg, eit økumenisk konsil. Lokale synodar så vel som biskopar og alle einskildmedlemer i Kyrkja, står under det økumeniske konsilet som heile Kyrkja sitt talerør. Slik var det alt i aposteltida då apostlane kom saman med presbyterane og heile kyrkjelyden i Jerusalem for å uttrykkje heile Kyrkja sin vilje med éi røyst. Denne forsamlinga utøvde større autoritet enn nokon einskild-apostel (sjå Apt 15). Grunnlaget for at eit økumenisk konsil som gjer sine vedtak under rettleiing av Heilaganden, kan hevde å vere ufeilbarleg, ligg i samsvaret med heile den katolske Kyrkja. Utan dette samsvaret kan ikkje noko forsamling vere eit økumenisk konsil.

Det er naudsynt for Kyrkja å gjere dogmatiske vedtak når den sunne kyrkjelæra vert truga eller det trengst særleg utdjuping og vitnemål for å verje henne mot vranglære og splitting og for å verne den kyrkjelege einskapen. Spørsmålet om å vere ufeilbarleg oppstår berre i saker som gjeld frelseslæra.

På grunnleggande måte inspirerte Heilaganden, som er Kristi Ande, den Heilage Skrifta som ber vitnemål om det inkarnerte evige Guds Ord. Heilaganden si rettleiing av Kyrkja forstår vi difor som samsvar såvel med Skrifta som med den overleverte apostoliske læra og er difor aldri utan referanse til desse to (sjå Joh 16:13). Den truskontinuitet som dermed har oppstått i Kyrkja, inneber også at det er naudsynt å fasthalde heile fullnaden av det kyrkjelege vitnemålet til alle tider.

III.6 Kyrkjemøta

Kyrkja er som Kristi lekam
Heilagandens tempel der alle medlemer vert døypte inn i den eine lekamen og dermed står i fellesskapen for det nye livet og sannkjenner sanninga saman i Heilaganden. Den eldste Kyrkja sin episkopale og synodale konstitusjon uttrykkjer Kyrkja sitt liv som fellesskapen av alle hennar truande som lever i einskapen i Kristi lekam. Tilsvarande er biskopane som representerer Kyrkja sitt hovud, som er Kristus, og som leier den evkaristiske og den synodale forsamlinga, sameinte med heile Guds folk som medlemer av den eine lekamen (sjå Ignatius av Antiokia, Smyrn. 8.2 – PG 5.713).

I mangfaldet i det nye livet som vert oppfylt i Kristus gjennom Heilaganden, syner den synodale karakteren seg som grunnleggande for kyrkjeordninga. Slik kan Kyrkja som eit folk kalla av Gud, frelst av Kristus og opplyste av Heilaganden, omtalast som den store synoden som speglar av den treeinige einskapen av Gud Fader, Son og Heilagande.

Dette grunntrekket ved Kyrkja er særleg framtredande i dei representative samlingane av biskopane i lokalkyrkjene som møtest til synode for å drøfte og avgjere spørsmål som gjeld tru og kyrkjeordning - avgjerder som heile Kyrkja til sjuande og sist må ta stilling til og anten godkjenne eller forkaste.

Høgaste uttrykket for Kyrkja sitt synodale liv er det ekumeniske kyrkjemøtet. Det kjem saman for at biskopane, som representerer lokalkyrkjene, kan gjere

vedtak som gjeld tru og kyrkjeordning for heile Kyrkja og som vil vere bindande for henne. Dei økumeniske kyrkjemøta er Kyrkja sine høgaste organ for å avvise vranglærer, formulere dogmer, utforme og konsolidere kyrkjeordninga og verne om den kyrkjelege einskapen som er grunna i den sanne trua.

Vi godtek desse sju ekumeniske konsila/kyrkjemøta: Nikea 325, Konstantinopel 381, Efesus 431, Kalkedon 451, Konstantinopel 553 og 680 så vel som Nikea 787. Her fekk trua åt den eine, heilage, katolske og apostoliske Kyrkja sitt uttrykk, og einskapen av alle lokalkyrkjene i den eine, heilage Kristi lekam vart synleg. Difor er det at dei ekumeniske kyrkjemøta ikkje står over heile Kyrkja men i henne. Difor er ikkje gitt, i og med innkallinga, at eit konsil er rett ekumenisk eller at vedtaka der er gyldige. Men det viser seg å vere ekumenisk i og med at Kyrkja som heilskap (pleroma) i etterkant og på fritt grunnlag gir sin tilslutnad.

Ved at dei deltek i heile det kyrkjelege livet, oppfyller kyrkjemedlemane – ordinerte og lekfolk – einskapen i Kristi lekam. I denne einskapen og heilskapen kjem det ufeilbarlege ved Kyrkja til uttrykk. Tilsvarande kan også ekumeniske kyrkjemøte godkjenne at vedtak i lokale synodar er gjort under Heilaganden si leiing. På den andre sida har dei lokale synodane også førebudd innhaldet i vedtaka i dei ekumeniske kyrkjemøta og tilrettelagt for tilslutning til vedtaka herifrå.

Kyrkjemøtevedtaka er vedtak om tru (horoi) eller om lov og ordning (kanones). Av desse har vedtaka i trusspørsmål direkte autoritet og er bindande for heile Kyrkja, for dei gjeld dogmer grunna i openberring. Difor kan innhaldet deira ikkje verte endra eller oppheva. Men Kyrkja kan gi dei tolkande utlegging inn i bestemte behov eller situasjonar for å tydeleggjere trusforståinga og trusvitnemålet. Kanones frå både ekumeniske og lokale kyrkjemøte kan prinsipielt bli erstatta eller supplert av nye kanones ved tilsvarande seinare kyrkjemøte så lenge dei ikkje vedgår trusspørsmål.

Generelt meiner dei ortodokse og gamalkatolske kyrkjene at kyrkjemøta deira har rett til, når det er naudsynt, å opprette nye kanones og å gjere dei gjeldande i sine eigne kyrkjer.

III.7 Apostolisk suksesjon er naudsynt

1. Med apostolisk suksesjon forstår vi her såvel overgjevinga av nåden åt det geistlege embetet ved rettmessig handspålegging, som apostolisitet i vidare forstand, dvs. både den samanhengande og uforfalska vidareformidlinga av den overleverte truslæra frå apostlane og den ubrotne etterfølgjinga av biskopar frå apostlane av. Den første utgjer grunnlaget, den andre er eit viktig kjennemerke ved apostolisk suksesjon i og med at avvik frå apostolisk lære øydelegg apostolisk kontinuitet, og ulovleg ordinasjon ved ikkje-godkjend person, bryt den.

Apostolisk suksesjon i denne vidare meining er viktig og naudsynt for det kyrkjelege livet for at Herrens frelsesgjerning kan halde fram ved trufast formidling av den nåden som frelser og helgar. Som Jesus Kristus vart send av Faderen, sende Han også apostlane for å samle Guds folk og grunnlegge og byggje opp si Kyrkje gjennom dei.

2. Som augevitne om den oppstadne Kristus og som grunnleggjarar av den kristne Kyrkja, har ikkje, og kan ikkje, apostlane ha etterfølgjarar. Likevel har dei etterfølgjarar i den apostoliske tenesta som skal samle og byggje kyrkjelyden igjen og igjen ved å forkynne Guds ord og stå føre det liturgiske og sakramentale livet, særleg feiringa av den heilage evkaristien.

Sjølv om det Nye Testamentet talar om mange nådegåver og tenester mellom dei truande, etterlét det ingen tvil om at apostlane si teneste og sending er einestående, grunnleggjande og ikkje råd å gjenta (sjå Apg 1:21-22; 1.Kor 12:28; Ef 2:20; Opb 21:14).

3. Kyrkja har livet sitt frå Kristus som er tilstade i henne og som arbeider gjenom Heilaganden. Kristus er Kyrkja sin Herre og talar til henne, elskar henne og er den eine som ho lyttar til. Denne relasjonen mellom Kristus og Kyrkja er ikkje berre ein abstrakt tanke, men ein konkret røyndom og erfaringar som vert formidla av personar kalla av Kristus. Slik det var tilfelle på apostlane si tid, må det også vere i vår tid og til alle tider, for Kyrkja sin fundamentale struktur kan ikkje vere nokon annan enn den Kristus gav henne.

Kyrkja, fellesskapen som ikkje kan greie seg utan denne struktuen, må altså til alle tider vere i levande samband med opphavet sitt og med Kyrkja i alle generasjonar. Kallet til dei ordinerte tenarane i den apostoliske suksesjonen dukkar difor ikkje opp som noko heilt nytt utan samband med Kyrkja sitt opphav, men som oppgåva å ta på seg og vidareformidle det som hende i Kyrkja frå starten av. Handspålegging med bøn i fellesskapen av heile Kyrkja er den einaste sakramentale handlinga for å vidareføre det ordinerte embetet sin nåde slik Skrifta og tradisjonen vitnar om det.

4. Kyrkjefedrene lærer ålment at det er naudsynt å halde oppe apostolisk suksesjon både for å trygge kontinuitet i apostolisk lære og for å vidareføre det geistlege embetet og den nåden som vert gjeven ved den rettmessige handspålegginga.

5. Den ortodokse kyrkja i aust vil gjere merksam på kor naudsynt apostolisk suksesjon i ovanfornemnde meining har vore heilt frå starten, og særleg kor viktig det er no, og reiser saka kvar gong

spørsmålet kjem opp om gjenskaping av kristen einskap. Den gamalkatolske kyrkja held også fast på at dette er naudsynt.

III.8 Kyrkja sitt hovud

Kyrkja sitt hovud er Kristus, den førstefødde i heile skaparverket, som alle ting vart skapte ved og til, og gjennom Han ville Gud forsone alle ting med seg sjølv ved å skape fred ved Hans blod på krossen (sjå Kol 1:15-20). Frå den livsens fullnad som er i hovudet, Kristus, har lemane på lekamen nytt liv i Kristus gjennom Heilaganden (sjå Rom 6:11; 2.Kor 5:17; Kol 2:9f). «Alt la Han under Hans føter, og Han, hovudet over alle ting, har Han gjeve til Kyrkja, som er Kristi lekam, fylt av Han som fyller alt i alle.» (Ef 1:22f). Kristus er verkeleg «den eine Herren» (Ef 4:5), det einaste hovudet på kroppen Kyrkja. «Han gjer at heile lekamen veks så som Gud vil, og lekamen vert halden oppe og bunden saman av alle leder og band.» (Kol 2:19; sjå Ef 4:15). Difor kan ikkje Kristus tenkjast utan Kyrkja, hovudet ikkje utan lekamen og omvendt sidan Kristus og Kyrkja er bundne ihop med kvarandre og kviler i absolutt, uskiljeleg og evig sameining. Den truande, rettferdiggjort ved Jesu Kristi blod, er frelst ved han. Han har fred med Gud og kan rose seg av vona om Guds herlegdom. Denne vona kan ikkje øydeleggjast fordi Guds kjærleik har blit utrent i hjarto deira ved Heilaganden som er gjeven dei (sjå Rom 5:1-5). Så Kyrkja som Kristi lekam er sameint med hovudet sitt ved Heilaganden og utgjer i lag med Han heile Kristus (sjå Ef 1:22f). I Han har lemane nytt liv og veks ved Heilaganden mot fullending i guddomeleg nåde i den faste vona at dei skal verte Han like, for dei skal sjå Han som Han er (1.Joh 3:2).

Midtpunktet for det nye livet er den heilage evkaristien der det indre bandet mellom kroppen og hovudet kjem til syne. Biskopen som leier evkaristifeiringa, står der i Kristi stad, og når han såleis bringer Gud det ein gong for alle frambore Kristi offer, representerer han Kristus, hovudet for Kyrkja som er samla rundt han og som han feirar i namnet til.

Biskopane, apostlane sine etterfølgjarar som held fram den apostoliske tenesta, er trufaste garantistar for Kyrkja sin katolisitet og apostolisitet. Etter guddomeleg lov er biskopane seg imellom av lik rang, for dei har alle motteke same biskopsnåden ved den lovlege sakramentale handspåleggjinga, og dei står i same apostoliske suksesjon. Sameleis har dei utan kvantitative eller kvalitative skilnader, del i den eine og same episkopale autoritet. Dei er biskopar mellom biskopar, Kristi og Kyrkja sine tenarar. Dei er også lemar på lekamen som er Kyrkja, samtidig som dei har ei særleg stilling i henne.

Sjølv om biskopane har same episkopale autoritet, ber kyrkjelivet dei fyrste tre århundra vitnemål om ei differensiering i rang mellom dei ulike bispeseta. Biskopane i visse lokalkyrkjer, som av ulike grunnar hadde fått større autoritet, fekk ein særleg ærefull posisjon og hadde større innverknad i kyrkjelege spørsmål. Den spesielt ærefulle stillinga til biskopane på desse bispeseta utvikla seg ved dei ekumeniske synodane frå det 4. århundret til ei æresplassering (presbeia timés) i Kyrkja (3. kanon ved den 2. ekumeniske synoden – Mansi 3.560). Biskopen av Roma fekk ein slik ærefull posisjon sidan bispestolen i Roma var det fremste av bispeseta: Roma var imperiehovudstaden og kyrkja her trygde den apostoliske tradisjonen utan nokon nydanningar. Ho førte evangeliet om frelsa til folk og nasjonar som enno ikkje hadde høyrt om Kristus og var rik på kyrkjeleg liv og kjærleiksgjerningar. Difor hadde biskopen i Roma æresplassering i Kyrkja. Men når det kjem til biskopeleg autoritet, står han ikkje over sine biskopsbrør. Sameleis gjeld det for dei andre biskopane i Kyrkja som har nokon slag æresrang.

Etter læra åt dei ortodokse og gamalkatolske kyrkjene, vert alle dekret frå seinare tid som tilskriv biskopen i Roma eineveldig og absolutt autoritet over heile Kyrkja og ser han som ufeilbarleg når han formulerer læresetningar i eigenskap av «hyrding og lærar for alle kristne» (ex cathedra), å rekne som uakseptable. Med sitt vedvarande arbeid for einskap, vonar begge kyrkjene at den noverande vansken og delinga kan verte overvunne ved Han som er Kyrkja sitt Hovud og Herre, for at dei som trur på Han, etter Hans eigne ord, kan vere eitt så verda må kome til tru (sjå Joh 17:20f).

IV Læra om frelsa

IV.1 Kristi frelsesgjerning

«For så elska Gud verda at Han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på Han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.» (Joh 3:16). Gud ville i sin kjærleik og nåde frelse menneska som hadde mist felleskapen med Gud ved synd og difor var dømd til øydelegging og død. Denne Guds avgjerd vart utført av Guds Son og Logos. Og då tida var fullkomen, «for oss menneske og til vår frelse» vart han send til verda og vart menneske, «nedra seg sjølv og vart lydig til døden, ja, døden på krossen» (Fil 2:8).

Guds Son fullførde frelsesgjerninga ved inkarnasjonen og heile sitt jordiske liv, ved sin dåp, sine ord og gjerningar, si liding, sin død på krossen, si nedstiging til dødsriket, si oppstode og himmelferd og sendinga av Heilaganden.

Ved inkarnasjonen starta Herren fullføringa av frelsesmysteriet. I den guddomelege Logos kom den hypostatiske unionen av menneskeleg og guddome-

leg natur i stand og forma fundamentet og startpunktet for frelsa for heile menneskeslekta, som er forstått som ein organisk og samla heilskap (sjå Gregor av Nyssa, hom. Opif. 16 – PG 44.185). Den guddomelege Logos tok opp ein spesiell menneskenatur i sin inkarnasjon, men fordi heile menneskeslekta er éi, sameinte han heile menneskeslekta med seg sjølv, den «eine sameinte og udelte natur» (Gregor av Nyssa, tres dii – PG 45.120) som han har utløyst og atterreist til å verte så vakker som ho opphavleg var. Herren har samanfatta og sameinte med seg sjølv «mennesket si opphavlege form» og «menneske si lange historie», så vi kan gjenvinne i Han det vi har mist i Adam: Fridomen frå synd og død og evig liv i fellesskap med Gud (sjå Ireneus af Lyon, haer.3.13.1,7 – PG 7.932,938; sjå også Kyril av Alexandria, Jo. 9 – PG 74.273; Leo I av Roma, sermo 12.1 – PL 54.168f). I den siste Adam er Guds bilete som var vorte dimt og øydelagt av synda frå den første Adam, vorte bygt opp att, fornya og gjort rikare.

Vidare har bodskapen som den største profeten og læraren i menneskeætta, Jesus Kristus, har forkynt i ord og gjerning, frelsande kraft for mennesket og evne til å frigjere menneskeånda frå den formørkinga og rådløysa som kom frå synda. Det han lærte, stadfesta han med teikn og spådomar om det som skulle kome. Gjennom heile sitt jordiske liv synte han seg som det beste og mest framifrå førebilete i heilagdom og lydnad mot Guds vilje. Herrens bodskap som ikkje kan øydeleggjast (sjå Mt 24:35; Mk 13:31; Lk 21:33) og som ikkje treng noka perfeksjonering, vert gjeve av ein nådig Gud til alle menneske utan å gjere skil. Det er Guds direkte kall til alle om å vende om frå «mørker til hans underfulle ljos» (1.Pet 2:9), til sanninga og frelsa i Kristus som har absolutt og universell karakter og er meint for alle til alle tider.

Den guddomelege Frelsaren vann frelsa for menneskeslekta ved å fornedre seg sjølv og ved den fullstendige lydnaden han synte gjennom heile sitt liv, særleg ved si liding og død på krossen då han fridde menneskeslekta frå synda og «vart opphav til evig frelse for alle som lyder han» (Hebr 5:9). Offeret som Jesus Kristus gjorde på krossen som den evige øvstepresten og mellommannen for den nye pakta (sjå Hebr 9:11-15) i vår stad og for våre synder, var eit sonoffer. Han vart «ei soning for syndene våre, ja, ikkje berre for våre, men for alle i heile verda.» (1. Joh 2:2) Ved offeret sitt utløyste og frelste han oss sidan han bar fram livet sitt i kjærleik som løysepenge. Ved krossdøden tok Herren på seg menneska sine synder (sjå Jes 53:4f; 2.Kor 5:21; 1.Pet 2:24) og vaska dei av oss med sitt blod «så vi skulle døy bort frå syndene og leva for rettferda» (1.Pet 2:24). Krafta i krossofferet som vart bore fram på Golgata ein gong for alle, femner menneskeslekta til alle tider og gir dei den frelsesnåden som strøymer frå det.

Herren fullførte frelsesverket i herlegdom. Dette syner seg når han stig ned i dødsriket, i hans oppstode og himmelferd, når han set seg ved Faderens høgre hand, i hans stilling som framtidig domar over levande og døde så vel som i Kyrkja som er grunnlagt av han. I henne held han fram sitt utløysingsverk for heile verda idet han gir av seg sjølv til dei som han stadig ber fram for Gud i forbøn (sjå Hebr 9:24). Dette gjer han gjennom Heilaganden sitt arbeid, han som vart sendt pinsedagen for å verte verande i Kyrkja for alltid. Herrens oppstode er stadfestinga og den sikre garantien for at mennesket er fri frå synd, forgjengelegdom og død og er midtpunktet for den kristne trua (sjå Rom 8:11; 1.Kor 15:20-23). Ho er pantet og starten på oppstode og udøyelegdom for alle menneske, for Herren er «fyrstegrøda av dei som er avsovna» og «alle skal få liv ved Kristus» (1.Kor 15:20-23; sjå Kol 1:18).

Den siste manifestasjonen av Herrens herlegdom er hans atterkome ved tidarenden, for han skal døme levande og døde, gjere himmel og jord nye og råde saman med dei utvalde i Faderens rike i all æve.

IV.2 Heilaganden si gjerning i Kyrkja og mottakinga av frelsa

Gud, vår Herre, har av kjærleik til syndige menneske sendt Son sin til verda (sjå Joh 3:16), han som forsonar alt i himmel og på jord (sjå Kol 1:20) og fornya skapningen ved si oppstode (sjå 2.Kor 5:15-18). Jesus Kristus baud læresveinane sine å forkynne evangeliet til alle nasjonar (sjå Mt 28:19f) så denne frelsa kan lyse for alle som sit i mørke og dødsskugge (sjå Lk 1:79).

Det einskilde mennesket si mottaking av frelsa skjer i Kyrkja gjennom Heilaganden sitt arbeid, han som deler ut nåden. Heilaganden som utgår frå Faderen og kviler i Sonen og vert gjeven og har synt seg for dei truande gjennom Sonen (sjå Johannes av Damaskus, Expos. fid.1,8; PG 94.821,833), vert for all tid verande i Kyrkja, fyller henne og byggjer henne opp, fornyar og helgar henne og gjer henne til ei «frelsesark» for heile verda. Han er parakleten (talsmannen) som er sendt av Herren til å leie Kyrkja fram til heile sanninga (sjå Joh 16:13). Alt det Sonen gjer i Kyrkja til hugnad for menneska vert, i følgje dei heilage fedrene, «fullført ved den nåden Anden gjev» (Basilius den store, Spir. S. 16/39 – PG 32.140). Heilaganden er samstundes Kyrkja si sjel, den livgjevande, helgande og samanbindande krafta i lekamen hennar. Heilaganden og Kyrkja er uskiljelege: «For der Kyrkja er, der er også Guds Ande, og der Guds Ande er, der er Kyrkja og all nåde» (Ireneus av Lyon, Adv. Haer. 3.24.1 – PG 7.966). Heilaganden er grunnleggjande for mennesket sitt nye liv i Kyrkja, det som er fødd på ny av vatn og Anden (sjå Joh 3:5f).

Vi menneske tek imot Heilagandens gåve i Kyrkja gjennom Kristus og vert

med det Guds born og Kristi medarvingar (sjå Rom 8:15-17); vi vert tekne inn att i den fellesskapen med Gud som han skapte oss til. Barnekåret si ånd lever i hjarto våre og ropar «Abba, Far» (sjå Rom 8:15; Gal 4:6). Han «kjem oss til hjelp i vår vanmakt. For vi veit ikkje kva vi skal be om så vi kan be rett, men Anden sjølv bed for oss med sukkar som det ikkje finst ord for.» (Rom 8:26). Anden bur i dei truande sine hjarto som i eit tempel (sjå 1.Kor 6:19). Han sameinar dei i feiringa av den heilage evkaristien til éin lekam i Kyrkja sin fellesskap. Han gir dei kristne del i sin heilagdom; dei vert «delaktige i guddomeleg natur» (2.Pet 1:4), dvs. «guddomeleggjorde ved å vere delaktige i den guddomelege ljosglansen men utan å bli forvandla til guddomeleg vesen» (Johannes av Damaskus, Expos. Fid. 2.12; - PG 94.924). Han deler sine nådegåver ut til kvar einskild til oppbygging av Kristi lekam: Gåva å tale visdom, gåva å tale kunnskap, lækjedoms gåve, gåva å prøve åndene, særleg det ordinerte embetet si gåve som reidskap for å byggje opp denne lekamen (sjå 1.Kor 12:4-11.28f).

Gud frelser mennesket utan å krenkje den frie viljen. «Han vil at alle skal verte frelste, men han tvingar ingen. Gud er viljug ... til å frelse menneske, ikkje imot hans vilje og avgjerd, men med hans viljuge og frie avgjerd (Johannes Chrysostomos, hom. 3.6 i Ac 9.1 – PG 51.144). Når mennesket tek imot frelsa i Kristus, skjer det ved eit samarbeid mellom Heilaganden og mennesket. Heilaganden utøver kallet, opplysninga, omvendinga, rettferdiggjeringa, atterfødinga i dåpen og helginga i Kyrkja. Mennesket på si side tek imot nåden det vert bode og deltek friviljug i tru og gode gjerningar, med andre ord ved «tru, verksam i kjærleik» (Gal 5:6). Dette samarbeidet må ein ikkje forstå slik at Gud åleine utfører ein del av arbeidet og mennesket åleine ein annan; men at Gud fullfører alt og utan Hans hjelp kan mennesket ikkje gjere noko til si frelse. Men mennesket medverkar også i alt saman, han vert leia fram til å handle sjølv og ikkje verte verande passiv. (sjå Augustin, Corrept. 2,4 – PL 44.918: aguntur ut agant, non ut ipsi nihil agant). «Om universets Gud, som verkar alt i alle, må vi tru at Han gjer det på den måten at Han vekkjer, vernar og styrkjer den frie viljen som Han sjølv ein gong har gitt, og ikkje slik at Han opphevar han (Johannes Cassian, Coll. 13.18; PL 49.946; sjå Augustin, Spir. et litt. 34,60 – PL 44.240). Dette samarbeidet mellom Gud og mennesket omfattar heile det nye livet i Kristus. Ein kan ikkje seie at mennesket er reint passivt i noka trushandling, ikkje eingong i den fyrste, eller at Gud åleine arbeider i han.

Tilsvarande avviser Kyrkja all lære som seier at Gud åleine gir nåden til somme, men ikkje til andre, for på den måten å etle somme til frelse og andre til fordøming. Gud er ikkje opphavet til det vonde, men kjelda til liv og frelse. Difor er det Han som vil «at alle menneske skal verte frelste og lære sanninga å kjenne» (1.Tim 2:4).

Atterfødinga og helginga av mennesket er Heilaganden si særlege gjerning. Utrenninga av Heilaganden som var venta i endetida, har gått føre seg i Kyrkja heilt sidan pinsedagen (sjå Apg 2:16-18). Endetida sin herlegdom er ikkje lenger berre ei von, men allereie nærverande og verkeleg. Heilaganden sitt nærvere i Kyrkja gir trygd for dette. Dersom vi i hjarto våre har delen, nemleg Heilaganden sitt pant, vil vi heller ikkje tvile på heilskapen, som er fullendinga av gåva i det velsigna, evige livet (sjå Rom 8:23; 2.Kor 1:22f; 5:5; Ef 1:13f; 4:30; Tit 3:6f; sjå også Johannes Chrysostemos, res. mort. 8 – PG 50.431).

V LÆRA OM SAKRAMENTA

V.1 Kyrkja sine sakrament eller mysterium

1. I det Nye Testamentet viser ordet 'mysterion' til den ufattelege Guds frelsesgjerning i Kristus. Kyrkja, der Kristus bur for alltid, er vidareføringa av Kristi mysterium, av den underfulle sameininga av guddomeleg og menneskeleg natur. Den Treeinige Guds usynlege, uskapte, frelsebringande nåde syner seg i Kyrkja knytt til fysiske middel, historiske innretningar og konkrete handlingar, altså gjennom naturlege og verkelege teikn. Nåden vert gjeven av Heilaganden som er sendt til Kyrkja og som gir alt som er i henne.

2. Heilaganden som leier Kyrkja fram til heile sanninga (Joh 16:13), sikrar henne den guddomelege nåden som trengst for at menneske skal bli frelst. Denne nåden er mangfaldig og vert gitt rikeleg.

3. Kristus innstifta under si jordiske teneste, som fekk sitt høgdepunkt i krossen og oppstoda, dei frelsesmidla som meddeler nåden: Dei heilage sakramenta eller mysteria. Kristus gav desse sakramenta til Kyrkja. Det grunnleggjande og vesentlege ved den gudstenestlege bruken i bøn og dei tilhøyrande synlege teikna, vart utforma ved apostlane. På denne måten er innstiftinga og rettleinga kring sakramenta ført tilbake til det Nye Testamentet, dels tydeleg og direkte frå Jesu ord og handlingar, dels frå indirekte referansar til og handlingar av Jesus så vel som frå læresveinane og apostlane si overtyding om at det dei fastsette og rettleidde om, var i samsvar med Herrens vilje og rettleiing. Såleis kjem dei ikkje med noko nytt eller vilkårleg som stammar frå dei sjølve når det gjeld noko av det grunnleggjande og vesentlege for frelsa.

4. Sakramenta som vart gjevne til Kyrkja, er: Dåpen, konfirmasjonen, evkaristien, bota, salvinga, ordinasjo-

nen og ekteskapet. Sjølv om denne lista over sakrament korkje finst systematisert i det Nye Testamentet eller i tradisjonen frå fedrene, speglar ho Kyrkjas ubrotne overtyding og praksis.

5. Sakramenta som særleg helgande handlingar, fører til nyskaping og utfalding av livet i Kristus ved at mottakarane ved Heilaganden vert poda inn i Kyrkja som Kristi lekam. Gjennom Kyrkja sine sakrament veks kvar einskild inn i livet med Kristus i alle dei uttrykksformer det får privat og i fellesskapen. Det heilt nye livet og livsveksten for dei truande i Kristus ved sakramenta, er ein trygg veg til himmelriket og fører til evig liv.

6. Sakramenta er ikkje berre symbol på nåden, men pålitelege instrument og formidlarar av han. Sakramenta sine fysiske middel er vigsla gjennom Kyrkja sine bøner og heilage handlingar og er knytte til formidlinga av nåden på måtar som er særeigne for kvart sakrament.

7. Bruken av fysiske middel i sakramenta er naudsynt sidan menneska er ein psyko-somatisk heilskap: «Om du var utan kropp ville han ha gitt deg reint ukroppslege gåver; men sidan sjela er knytt til kroppen gir han deg det åndelege i det fysiske.» (Johannes Chrysostemos, hom. 82.4/83.4 i Mt. - PG 58.743).

8. Dei fysiske midla verkrar ikkje av seg sjølve, men i kraft av Heilagandens nærvere: «Om der er nåde i vatnet, kjem det ikkje frå vatnet sin natur men frå Andens nærvere» (Basilius den store, Spir. 15/35 – PG 32.132).

9. Det er Kyrkja sitt ålmene syn at sakramenta i seg sjølve verkar til frelse. Nåden kjem frå innstiftaren og den eigentlege utøvaren (liturgen) av sakramenta, Jesus Kristus, som vert verande i Kyrkja alle dagar og held fram sitt arbeid gjennom henne, og han vert gjeven gjennom Heilaganden som er verksam i sakramentsfeiringa. For at sakramenta skal utføre frelsesføremåla sine, må menneska gje uttrykk for at dei indre sett er budde til å ta imot dei.

10. Kyrkja sine liturgar trengst til feiringa av sakramenta. Dette er biskopane og prestane som tek imot dette oppdraget i ordinasjonssakramentet. Sakramenta er verksame til frelse sjølv om liturgane ikkje er fullkomne eller fullt ut verdige.

11. Det er den treeinige Gud som fullfører såvel dei heilage sakramenta som heile frelsesverket: «Faderen og Sonen og Heilaganden forvaltar alt, presten låner si tunge og stiller hendene sine til rådevelde.» (Johannes Chrysostemos, hom. 87.4/86.4 i Jo. - PG 59.472; sjå også den same, hom. 2.4 i 2.Tim – PG 62.612; Augustin, tract. 6.7 i Jo – PL 35.1428).

V.2 Dåpen

1.1 Dåpen er det sakramentet i Kyrkja Gud har innstifta som gjer den som vert døypt i namnet åt den heilage og livgjevande Treeininga, til medlem av Kristi Kyrkje, med det han gjennom deltaking i mysteria åt den guddomelege frelsesgjerninga i Kristus vert sett fri frå trældomen for synda og vert fødd på ny til ein ny skapning i Kristus.

1.2 At dåpssakramentet som har sitt motstykke alt i det Gamle Testamentet, er nødvendig, vart forkynt av Jesus Kristus ved hans dåp i Jordan så vel som gjennom mandatet han gav apostlane om å gjere alle folkeslag til læresveinar ved å «døype dei i namnet åt Faderen og Sonen og Heilaganden» (Mt 28:18-20). Utan å verte fødd på ny av vatn og Ande kan ikkje eit menneske kome inn i Guds rike (Joh 3:5).

1.3 Etter tradisjonen frå den gamle, udelte Kyrkja er den truande som i namnet åt Faderen og Sonen og Heilaganden vert dukka ned tre gongar i vigsla vatn og lyfta opp att, gravlagd med Kristus og reist opp med han (sjå Kol 2:12; Rom 6:3-5).

1.4 Dei fysiske midla som dåpssakramentet vert utført med, og som Guds allmektige nåde verkar gjennom i den døypte, kan ein ikkje berre sjå som symbol eller ytre, materielle element i den overleverte kyrkjelege dåpspraksisen frå apostlane, ein fritt kan endre eller byte ut. Dei fysiske midla er knytte til handlinga der den døypte vert reinvaska frå arvesynda og frå personlege synder og er fornya i Kristus. På denne måten skulle ein forstå den apostoliske praksisen Kyrkja held fast ved (dukke tre gonger ned i vigsla vatn). Den udelte Kyrkja sin praksis er dåp ved neddykking tre gonger. Dåp ved tre gonger overausing av vatn er også kjend i Kyrkja som nauddåp.

2.1 Den døypte vert ved den guddomelege nådens verknad, atterfødd og sameint med Kristus i éin lekam og kan kalle seg eit Guds barn. Gjennom dette bandet til den eine lekamen, er han bunden ihop med dei truande til alle tider og i alle nasjonar og lever i fellesskapen åt denne Kyrkja; han vert ein borgar i Guds rike og vinn si frelse i åndelege stridar i von om å få del i livet i den komande verda. Sjølv om desse verknadane av dåpen er den treeinige Guds gåve og grunna i Kristi frelsesgjernings mysterium, er føresetnaden for at dei ber frukt, at den døypte personleg tek imot den guddomelege gåva i tru, omvending og kjærleiksgjerningar.

2.2 Vaksendåp og barnedåp gjev den same guddomelege nådegåve. Einaste skilnaden er knytt til tidspunktet då den guddomelege nåden, gjeven gjennom dåpen, kan verte tilgjengeleg for den døypte og bere åndelege frukter. Sidan så vel vaksne som småborn berre kan bere slike åndelege frukter i den ubrotne einskapen av kristen felle-

skap i den eine, heilage, katolske og apostoliske Kyrkja, vert det opplagt nødvendig at dei døypte, anten vaksne eller småborn, får rettleiing i Kyrkja sin fellesskap; for småborna sin del særleg ved fadrane som vedkjenner Kyrkja si tru på vegner av den døypte.

2.3 Ved deltakinga i Kristi livs-, døds- og oppstode-mysterium som vert ein til del i dåpen, følgjer naturleg og nødvendig at den døypte også får del i Heilaganden si gåve, som vert gjeven pinsedag, og tilgjenge til evkaristi-sakramentet.

2.4 Dåpen vert utført av biskopen eller ein presbyter (eldste/prest) og berre i naudfall av diakonar eller lekfolk.

V.3 Konfirmasjonen

1. I dåpen vert mennesket i kraft av Heilaganden fødd på nytt til liv i Kristus. Slik får det ein ny åndeleg eksistens. Åndeleg framgang og vekst i det ein har vunne i dåpen, føreset også at Heilaganden er nær og gjer si gjerning. Konfirmasjonen gir den døypte Heilagandens gåver, gir han personleg del i pinsehendingane og sikrar samstundes denne gåva, som det heiter med ord frå den ortodokse liturgien: «Pantet på Heilagandens gåve. Amen.»

2. Etter den sams trua som den gamle og udelte Kyrkja har, vert apostolisk praksis vidareført i konfirmasjonsfeiringa, idet hendene vert lagde på dei døypte slik at Heilaganden vert gjeven dei (sjå Apg 8:14-17; 19:1-7). For at det nye livet i Kristus skulle vekse, følgde konfirmasjonen like etter dåpen, i følgje vitnemåla åt både dei austlege og dei vestlege kyrkjefedrene: «Dei som er døypte i Kyrkja vert førte fram for kyrkjeleiarane og tek imot Heilaganden ved våre bøner og handspålegging og vert såleis fullkomengjorde ved Guds segl.» (Kyprian av Kartago, ep. 73.9 -PL 3.1115/1160). «Deretter følgjer åndeleg preging ... for etter dåpen i vatn vert det heile fullført ved at Heilaganden vert utrent ved biskopens bøn» (Ambrosius av Milano, de sacram. 3.2.8 – PL 16.434.453). «Etter at han (Kristus) hadde late seg vaske i Jordanelva og ført vatnet i kontakt med sin guddomsnatur, steig han opp derifrå, og Heilagandens vesen kom over han, og dei to kvilte i likskapen åt kvarandre. Sameleis også med deg, då du etter å ha stige opp frå fonten med heilagt vatn, vart gitt oljen som er biletet på det Kristus vart salva med.» (Kyrill av Jerusalem, Catech. myst. 21.1 – PG 33.1088f). «Dei opplyste må salvast med den himmelske oljen etter dåpen og få del i Kristi rike.» (Synoden i Laodikea, canon 48 – Mansi 2.571).

3. Berre biskopane som apostlane sine etterfølgjarar, kunne leggje hendene på dei døypte for å gi dei Heilagandens gåve. Ettersom talet på truande auka, så biskopane ikkje lenger kunne rekkje over alle, voks det fram, tidleg i aust og ei tid dels også i vest, ein praksis med presbyter-krismering av døypte. Velsigning med krismaolje vart likevel heile tida verande biskopen sitt ansvar åleine (sjå synoden i Kartago, a. 419, canon 6 – Mansi 4.424). Regelen var i mest heile Vesten at konfirmasjonen vart verande ei biskopshandling; vedtaket som vart innskjerpa av synodar, at dei døypte må bli konfirmerte så snart råd er etter dåpen, viser at det er naudsynt at dåp og konfirmasjon høyrer ihop. Oppfatninga og praksisen i den gamle, udelte Kyrkja krev at dei tre initiasjonssakramenta dåp, konfirmasjon og evkaristi, vert feira i samanheng med kvarandre, for sjølv om kvart av dei i seg sjølv er fullstendig og teologisk kan stå åtskilt frå dei andre, høyrer dei likevel uåtskiljeleg ihop og utgjer ein homogen heilskap.

V.4 Den heilage evkaristien

1. Det heilage evkaristi-sakramentet er midtpunktet i heile Kyrkja sitt liv. I dette sakramentet er Kristus verkeleg og substansielt tilstades: Han gir seg sjølv som eit ublodig offer til dei truande i ei stadig ny og verkeleg frambering av sitt blodige offer på krossen, gitt éin gong for alle. Så evkaristien er samstundes sakrament og verkeleg offer. I dette sakramentet mottek dei truande Kristi lekam og blod og vert ved det sameinte med han og gjennom han med kvarandre og får del i krafta av hans frelsesverk som når høgdepunktet i hans offer på krossen og i hans oppstode.

2. Herren sjølv innstifta evkaristien. Før påske, under måltidet, tok Herren eit brød, takka, braut det og gav det til læresveinane idet han sa: «Dette er min lekam.» Og han tok kalken, takka og gav han til dei idet han sa: «Drikk alle av den, for dette er mitt blod, det nye paktsblodet, som vert utrent for mange til forlating for syndene. Gjer dette til minne om meg.» (sjå Mt 26:26-29; Mk 14:22-25; Luk 22:14-23; 1.Kor 11:23-25).

3. I brød og vin, som er vigsla (konsekrert) og omskapt i evkaristien, er Herren sjølv verkeleg og i sanning nærverande på ein overnaturleg måte og gjev seg sjølv til dei truande. Brød og vin er Kristi lekam og blod etter konsekrasjonen/vigslinga og ikkje berre symbol på lekamen og blodet hans. «Brødet og vinen er ikkje bilete på Herrens lekam og blod – langt ifrå! - men den guddomeleggjorde Herrens eigen lekam; Herren sjølv sa: 'Dette er' ikkje bilete på lekamen min, men 'lekamen min' og ikkje biletet på blodet mitt, men 'blodet mitt' (Johannes av Damaskus, expos. fid. 4.13 – PG 94.1148f). Ettersom det 7. økumeniske konsilet forkynner «har korkje Herren eller apostlane og fedrene kalla det ublodige offeret frambore av presten for eit bilete, men sjølve lekamen og blodet ... før konsekrasjonen vart dei kalla bilete, etter konsekrasjonen vert

dei kalla, på ein verkeleg måte, Kristi lekam og blod; dette er det dei er og vert trudde å vere» (Mansi 13.265).

4. Evkaristien representerer heile det guddomelege frelseshushaldet i Kristus som når høgdepunktet i hans offer på krossen og i oppstoda hans. Det evkaristiske offeret står i direkte samband med krossofferet. Golgataofferet vert verkeleg ikkje gjenteke. Det vart gjort éin gong for alle (Hebr 7:27). Men evkaristien er mykje meir enn eit symbolsk bilete eller eit bilete som minner oss på det offeret. Det er same offeret som vert feira sakramentalt. Det vert feira til minne om Herren («gjer dette til minne om meg») og er ikkje berre tilsynelatande, men er eit sant og verkeleg minne og ein representasjon av Kristi offer. Framfor oss er sjølve Herrens lekam og blod. «Dette (offeret) ofrar vi no, nemleg det som vart ofra den eine gongen, det uutslettelege. Dette vert gjort for å minnast det som hende den eine gongen; for han seier 'gjer dette til minne om meg'. Det er ikkje eit stadig nytt offer slik (den jødiske) øvstepresten den gongen bar fram, men vi ber alltid fram det same; eller heller: Vi gjer verkeleg eit minne om offeret» (Johannes Chrysostemos, hom. 17.3 i Hebr – PG 63.131). «Og ettersom vi minnest hans liding i alle våre feiringar av offeret – for Herrens liding er offeret som vi ofrar – kan vi ikkje gjere noko anna enn det han har gjort.» (Kyprian av Kartago, ep. 63.17 – PL 4.387/398f).

5. Presten som gjer teneste ved kvar evkaristi, er Herren sjølv. «Du er den som ofrar og vert ofra, som tek imot og vert delt ut, Kristus, vår Gud» (Bøn i kerubim-hymna). «Han er presten; det er han sjølv som ofrar, og han sjølv er gåva som vert ofra» (Augustin, civ. 10.20 – PL 41.298; sjå Ambrosius av Milano, enarr. 25 i Ps 38 – PL 14.1051f/1102; Patr. 9.38 – PL 14.686/720). Heile den evkaristiske forsamlinga, kleresi og folk, har på organisk vis del i fullføringa av evkaristifeiringa. Liturgane for sakramentet er biskop og prest. Kyrkja sin praksis og canones forbyd diakonar «å ofre» (sjå 1. ekumeniske konsil, canon 18 – Mansi 2.676).

6. Etter apostolisk tradisjon og praksis vert syrt brød nytta i evkaristien. Bruken av usyrt brød i vesten er ein seinare praksis. I tillegg vert nytta vin - «frukta frå vintreet» (Mk 14:25) – som frå den eldste tida vart blanda med vatn (sjå Ireneus av Lyon, haer. 5.2.3 – PG 7.1125; Kyprian av Kartago, ep. 63 – PL 4.372-389/383-401).

7. Konsekrasjonen av brød og vin i evkaristien skjer under heile den evkaristiske bøna. Herrens ord «Ta, et ... drikk alle av den» i den evkaristiske bøna, som i heilskap har vigslingskarakter / konsekratorisk karakter, utfører ikkje åleine forvandlinga av brød og vin til Kristi lekam og blod. Forvandlinga vert gjort av Heilaganden som ein i epiklesen bed skal kome ned.

8. Etter å ha budd seg på høveleg vis, tek alle truande del i evkaristien; for den som ikkje tek del i Herrens bord, har heller ikkje del i Kristi liv: «Dersom de ikkje et lekamen til Menneskesonen og drikk blodet hans, har de ikkje livet i dykk» (Joh 6:53). Etter den kyrkjelege praksis som har rådd frå dei eldste tider, er speborn ikkje vortne haldne borte frå evkaristien, og enno mindre er borna det. Berre dei udøypte, vranglærarar, dei som har skilt seg frå Kyrkja og dei som av ein eller annan grunn er hindra på grunn av kyrkjeleg disiplin, er stengde ute frå deltaking i sakramentet (sjå Johannes av Damaskus, Expos. fid. 4,13; PG 94.1153). Dei truande kommuniserer med både brød og vin slik det var ved Jesu siste måltid.

9. I evkaristien vert dei truande gjennom fellesskapen i Herrens lekam og blod sameinte både med han og med kvarandre, og saman dannar dei éin lekam. «Fordi det er eitt brød, er vi alle éin lekam» (1.Kor 10:17). «Fordi vi har del i det eine brødet, vert vi alle éin Kristi lekam og eitt blod og kvarandre sine medlemer og er slik sameinte med Kristus i éin lekam» (Johannes av Damaskus, Expos. fid. 4,13; PG 94.1153). Ved sameininga med Kristus vert den truande fylt med nåde og med alle dei åndelege gåver og velsignelser som sameininga med Kristus fører med seg. Han gjer framsteg i det åndelege livet, veks i fullkomengjering og har såleis vona om oppstoda til evig liv og full deltaking i det herlege og velsigna Kristi rike.

V.5 Bota

1. I botssakramentet vert dei syndene som truande har gjort og så ærleg angrar og vedkjenner for ein prest, tilgjevne. «Guds rike miskunn når ut til falne menneske, ikkje berre i dåpsnåden, men bota si lækjande kraft atterreiser også vona om evig liv» (Leo I av Roma, ep 108 – PL 54.1011).

2. Herren lova apostlane fullmakta til å tilgi synd (Mt 16:19; 18:18) og tildelte dei denne fullmakta etter oppstoda: «Tilgjev de nokon syndene deira, er dei tilgjevne. Held de dei att for nokon, er dei atthaldne» (Joh 20:23). Denne fullmakta vart gjeven vidara av apostlane til deira etterfølgjarar. På grunnlag av denne fullmakta, utvikla botssakramentet seg som ein Gud-gjeven, fast institusjon i Kyrkja sitt liv, slik det er vitna om i fedrene sine skrifter og i Kyrkja sin liturgiske og kanoniske tradisjon.

3. Forvaltarane (liturgane) av botssakramentet er biskopen og dei prestane han gir oppdraget til.

4. Ærleg hjarteanger og vedkjenning til ein prest er naudsynt for tilgjeving av synder. Den opphavlege, offentlege bota vart seinare avløyst av ei form for privat skriftemål for ein prest.

5. Gud gir tilgjeving for synd gjennom presten til den som gjer bot: «Det som er gjort her nede av prestar, gjer Gud verkeleg der oppe; og slik stadfester Herren dei domar hans tenarar gjer» (Johannes Chrysostemos, sac. 3.5 – PG 48.643). «Det som er løyst av desse (Kyrkja sine) nøklar på jorda, har alle lovnadar om også å vere løyst i himlen» (Augustin, sermo 351.5/12 – PL 39.1549).

6. Presten som forvaltar botssakramentet kan etter si sjelesørgjeriske vurdering påleggje ei botshandlig ikkje berre på dei som enno ikkje har motteke tilgjevinga for synd, men også på dei som alt er blitt tilgjevne. Pålegging av ei botshandling, slik det er vitna om i Skrifta og tradisjonen (sjå 2.Kor 2:6-8; Apostoliske Konstitusjonar 2.16, 18.41 – PG 1.625ff, 629ff, 696ff), rettar seg mot at syndaren skal gjere åndeleg framgang og skal verne mot gjentaking av den same synda. Bota har slik ikkje karakter av straff, men er heller eit nådemiddel (Basilius den store, Can. 65 – PG 32.797).

7. Botssakramentet vart innstifta for alle døypte som etter dåpen gjer lettare eller alvorlegare synder og deretter angrar misgjerningane sine. Der er ingen synder eller misgjerningar som etter at dei er blitt angra, ikkje kan blit tilgjevne i botssakramentet. «For Herren som tilgav all synd, utelukka ikkje noko brot» (Ambrosius av Milano, paen. 1.2/5 – PL 16.467).

V.6 Salvinga

1. Under si forløysargjerning på jorda lækte Frelsaren vår dei sjuke som leid under sjukdomar på kropp og sjel. Han gav også læresveinane sine i oppdrag å gjere det same (sjå Mk 6:7; 13; 9:35). Etter Herrens og apostlane sine føredøme utfører Kyrkja salvinga sitt sakrament (sjukesalvinga), der dei sjuke vert bedne for og salva med olje til lækjedom for lekam og sjel: «Vi bed deg, all makt og styrkes Herre, send den lækjande krafta åt den Einborne frå himmelen over denne oljen, så han kan verte til utdriving av all slag sjukdom og veikskap frå dei som vert salva med han ... all slag feber og liding, til lækjedomsnåde og tilgjeving av synd, til livsmedisin og frelse til lækjedom og heilskap for sjel, lekam og ånd og til fullstendig og heil styrking» (Serapion av Thumis, euch. 29 (17).1; sjå Innocens I av Roma, ep. 25.8/11 – PL 20.560).

2. Apostelen Jakob vitnar: «Er nokon av dykk sjuk, skal han kalla til seg dei eldste i kyrkjelyden, og dei skal be over han og salva han med olje i Herrens namn. Då skal bøna, beden i tru, berga den sjuke, og Herren skal reisa han opp. Og har han gjort synder, skal han få dei tilgjevne» (Jak 5:14-16).

3. Salving av den sjuke med olje som er vigsla til føremålet, og bøn, er nødvendig i utføringa av dette sakramentet. Forvaltarane av dette sakramentet er kyrkjeleiarane, t.d. biskop og prestane. Viss mogleg skal det, slik Jakob foreslår, vere meir enn éin utøvar som deltek, sjølv om éin er nok om ikkje fleire er tilgjengelege.

4. Fruktene av dette sakramentet er lækjedom frå sjukdomar og tilgjeving av synd. På grunn av denne dobbelt lækjande verknaden, byd den ortodokse kyrkja dette sakramentet også til folk med god helse som førebur seg til å ta imot den heilage nattverden; men det får ikkje tene som erstatning for botssakramentet.

5. Salvinga sitt sakrament skal kunne takast imot av alle døypte, ikkje berre dei som er dødssjuke.

V.7 Ordinasjonen

1. Embetet (ordo) er ei grunnleggjande innretning i Kyrkja sitt liv og har sitt opphav og vedvarande grunnlag i den fullmakta den oppstadne Herren gav apostlane då han meddelte dei Heilaganden til fullføring av oppdraget dei hadde fått. Dette embetet må sjåast i samanheng med apostolisk suksesjon (sjå kap III/7), der Kristi frelsesverk held fram i Kyrkja. Det Nye Testamentet vitnar om at apostlane gav den fullmakta som var gjeven dei, vidare til andre menn ved bøn og handspålegging, og ved denne bøna og handspåleggingа fekk mottakarane den særlege nådegåve som trengst for dette åndelege embetet av Gud (1. Tim 4:14; 2.Tim 1:6-14; 2:2; Apg 14:23; 20:28-32).

2. Apostlane sitt særlege kjennemerke, nemleg sjølve apostelembetet som apostlane er berarar av som universelle hyrdingar for Kyrkja, ei teneste for heile Kyrkja, er ikkje del av den autoriteten biskopsembetet mottek frå apostlane i bispevigslinga. Ingen av biskopane har for sin eigen del motteke dette apostoliske embetet som del av den apostoliske suksesjonen, men alle biskopane har del i apostolisiteten i og gjennom Kyrkja.

3. Trass i at ordbruken kring det vigsla embetet til ei viss grad er uklår, framstår det ganske tidleg som ein spesiell åndeleg funksjon i form av biskop, prest (presbyter) og diakon. Biskopen som lærar, liturg og hyrding for lokalkyrkja han styrer, er vaktaren og vernaren av hennar einskap og hennar sanne lære. Etter som han er den som kler heile embetet, forvaltar han alle sakramentale handlingar og andre ligurgiske handlingar og utøver hyrdetenesta i heile sin fullnad. Prestane (presbyterane) stør biskopen ved å forvalte sakramenta (med visse særlege unntak) og andre liturgiske handlingar og tek del i forkynninga av evangeliet og den åndelege rettleiinga av dei truande. Diakonane hjelper biskopen og prestane (presbyterane) i forvaltinga av sakramenta, i sosiale tenester og i det kyrkjelege arbeidet elles.

4. Den udelte kyrkja godtok ikkje ordinasjon av kvinner, med unntak av

den ikkje heilt avklara ordninga med diakonisser.

5. Kandidatar som er funne verdige til å gå inn i embetet, vert ordinerte av biskopen med bøn og handspålegging under ei messefeiring i Kyrkja, der biskopen bed saman med kleresiet og dei samla truande at Heilagandens nåde som lækjer det sjuke og gjer det ufullkomne heilt, må stige ned over den ordinerte. Den praksisen som Hippolyts «Apostoliske Tradisjon» (c. 7f) vitnar om og er kjend berre i Vesten, at prestane (presbyterane) legg hender på ordinandens hovud saman med biskopen, er eit teikn på einskapen deira med biskopen og tilslutninga til at ordinanden får tilgang til deira kollegium. Dette er ikkje meint å skulle reise noko som helst tvil om at biskopen har full og eksklusiv fullmakt til å avgjere vigslingar. Heile kyrkjelyden si bøn og tilslutninga som kjem til uttrykk gjennom denne bøna, viser også at folket er deltakande og medverkande.

6. Den guddomelege nåden som vert motteken i ordinasjonen, gjev fullmakt til ei særleg teneste med forkynning av evangeliet, i det liturgisk-sakramentale livet i Kyrkja og med samling og oppbygging av dei truande. Denne tenesta har ulik form og formål avhengig av om ho vert utført av ein biskop, ein prest (presbytar) eller ein diakon. Det embetet som vert gjeve ved ordinasjonsnåden, har ei tredelt oppgåve ettersom det vidarefører Herrens tredelte embete i Kyrkja: den kongelege, den prestelege og den profetiske.

7. Verknaden av sakramenta som vert forvalta av dei ordinerte embetsberarane, er ikkje avhengig av kor heilage eller uverdige dei personleg er, «for det er Gud som helga oss i sine mysterium» (Johannes Chrysostomos, hom 8.1 i 1.Kor. - PG 61.69).

V.8 Ekteskapet

1. Ekteskapet er ein institusjon gitt av Gud. Det vart innstifta av Gud ved skapinga som ein fellesskap i kjærleik til gjensidig støtte for husbond og hustru (1.Mos 2:18), stadfesta av Herren (Mt 19:4-6) og velsigna ved hans nærver ved bryllupet i Kana (Joh 2:1-11).

Gud skapte mennesket som mann og kvinne (1.Mos 1:27) og sette deira felles liv under sitt særlege vern og velsigning. Alt i den gamle pakta vert ekteskapet mellom mann og kvinne rekna som eit typisk bilete på Guds pakt med folket sitt. I den nye pakta står ekteskapet, sameininga av mann og kvinne i innbyrdes kjærleik og tru, som bilete på den store løyndomen av kjærleiks- og einskapsband som er mellom Kristus og den Kyrkja han grunnla (sjå Ef 5:32).

2. Då Gud velsigna det fyrste menneskeparet, knytte han det å få barn til ekteskapet: «De skal veksa og auka og fylle jorda» (1.Mos 1:28). Når menneska føder born inn i verda og gjev dei «den oppseding og rettleiing som er etter Herrens vilje» (Ef 6:4), vert det Guds medarbeidar som held fram Guds skaparverk. Gjennom borna lærer menneska farskapen og morskapen sine gåver å kjenne, og med ektefelle og born byggjer dei ein familie som er ei lita kyrkje, huskyrkja.

Ekteskapet er i særklasse kjærleiksmysteriet (sjå Johannes Chrysostemos, Laud. Max. 3 – PG 51.230). Det fullfører oppgåva si som kjærleiksfellesskap mellom ektefellane og ikkje berre ved at dei får barn og deler livet med kvarandre (Ef 5:25; 1.Sam 1:8). Den kjærleiken og einskapen mellom ektemakane som er ekteskapet sitt hovudføremål, vert oppnådd når dei vert verande i den nåden Heilaganden gjev.

3. Kyrkja, som har velsigna ekteskapet heilt sidan den fyrste tida «for at det skal svare til Herrens vilje og ikkje til attrå» (Ignatius av Antiokia, Polyc. 5.2 – PG 5.724), gir ikkje si velsigning berre til det naturlege samfunnet mellom mann og kvinne, men ho innlemmar det nye paret i den evkaristiske fellesskapen og plasserer ekteskapet såleis inn i samanhengen åt Kyrkja sitt mysterium. Brudeparet sin tilslutnad er heilt naudsynt for ekteskapet som vert fullenda som eit sakrament gjennom velsigninga åt ein rettmessig ordinert embetsberar.

4. Grunnlaget for at Kyrkja held ekteskapet for ein livslang og uoppløyseleg fellesskap, er at ekteskapet er heilagt og at sameininga og personfellesskapen i ekteskapet har ein åndeleg karakter som svarer til sambandet mellom Kristus og Kyrkja hans. Herren har forkynt at ekteskapet er heilagt og uoppløyseleg (Mt 19:6), men han har opna for oppløysing for hor skuld (Mt 5:32; 19:9). Apostelen Paulus seier at eit andre ekteskap er tillate etter at fyrste ektefelle er død, men han seier også at han tykkjer mest om at attlevande ektefelle ikkje giftar seg på nytt (1.Kor 7:39).

Strengt talt er det difor høve til å oppløyse ekteskap berre ved hor og ved eine ektefellen sin død; men av kjærleik, og for å vere skånsam mot menneske, godkjenner Kyrkja andre, tilsvarande grunnar.
I sin sjelesørgjar-praksis i møte med ekteskap som har stranda på grunn av menneskeleg feil, lét Kyrkja seg rettleie av Guds bod og den guddomelege viljen til tilgjeving.

5. I sjelesørgjar-praksisen legg Kyrkja vekt på at mann og kvinne har like stort ansvar (sjå 1.Kor 7:3f; Ef 5:21-33; 1.Pet 3:1-7) både for den nåden dei er gjevne i ekteskapet og for kallet til å gi Gud ære også med lekamane sine (1.Kor 6:12-20; sjå også Heb 13:4).

6. Ekteskap og ordinasjon utelukkar ikkje kvarandre. Den eldste kyrkja gav ordinandane valet mellom ekteskap og

sølibat og nekta berre ektemenn gjengifte etter ordinasjonen. Når det gjeld ekteskap etter ordinasjonen, rekna tradisjonen frå den eldste kyrkja ein «sølibatslovnad» ved ordinasjonen som ekteskapshindring. Ekteskap og sølibat står ikkje i motsetnad til kvarandre eller opphever kvarandre. Dei står som parallelle vegar til kristen fullkomengjering.

VI ESKJATOLOGIEN
LÆRA OM DEI SISTE TING

1. Kyrkja og endetida

Det kristne livet er innretta mot Guds rike og Herrens atterkome i herlegdom. Apostlane si tru at «vi her på jorda har ingen verande by, men vi lengtar etter den som skal koma» (Hebr 13:14), og at «denne verda, slik ho er, går under» (1.Kor 7:31), er innhaldet i den kristne vona og fremjar medvitet om at denne verda er forgjengeleg og førebels. Kyrkja har alltid halde fast på vona om dei ting som skal kome, og set på den måten preg på livet åt dei truande.

Den eskjatologiske vona er ikkje ei røynsle utan innhald, sidan endetida alt har teke til midt i Kyrkja, som representerer den stadige framveksten av Gudsriket her i tida. Kristi oppstode varslar allereie hans atterkome i herlegdom, og utrenninga av Heilaganden innleiar endetida, som Joel har profetert (Joel 3:1-5; Apg 2). Den kristne lever i tidsbolken mellom pinse og Herrens andre kome som på den «åttande skapingsdagen». Gjennom sakramenta og andre guddomelege nådemiddel mottek vi Kyrkja, Andens segl, idet vi i vona føregrip den gledelege erfaringa av alt det som enno skal kome.

Den kristne trengjer seg difor ikkje framover som om han var driven av vanvørdnad overfor denne verda, men heller slik at han vitnar om Guds kjærleik ved å engasjere seg i livet i denne verda; samstundes som han stundar mot det som er enno større: «Jamvel vi som har fått Anden til fyrstegrøde, vi óg sukkar med oss sjølve og lengtar etter den dagen då lekamen vår skal friast ut, og vi får det fulle barnekåret» (Rom 8:23). «Vi fornektar ikkje det som er, men strekkjer oss mot det som er større» (Johannes Chrysostemos, hom. 14.6 i Rom – PG 60.531). For dei kristne har døden lagt til side den fryktelege maska si. For dei er han overgangen frå det flyktige til det evige, frå det forgjengelege til det uforgjengelege. Martyrane og helgenane sin dødsdag er dagen då Kyrkja feirar fødselsdagen deira til det andre livet.

2. Livet etter døden

Død, som er ein konsekvens av Adams synd, avsluttar perioden med prøvingar og åndeleg framgang for mennesket. Difor er det at det Nye Testamentet og kyrkjefedrene åtvarar dei truande mot å ringeakte Guds nåde medan dei lever. Etter døden vil der ikkje lenger vere noko høve til omvending, det vert berre dom og prøving av gjerningar (sjå 2.Kor 6:2; Gal 6:10; Basilius den store, moral. 1.2,5 – PG 31.700f, 704).

Menneska vil bli dømde av Gud like etter døden etter dei gjerningane dei har gjort i si levetid (sjå 2.Kor 5:10; 11:15; Rom 2:5-11): Dei rettferdige og helgenane vil bli førte fram til Gud, men syndarane vil bli førte langt bort frå Han til dødsriket (Hades), slik det er fortalt i likninga om den rike mann og Lasarus (Lk 16:19-31). «Medan dei ventar på den endelege domen, ventar sjelene åt dei truande på ein venare stad, syndarane og dei vonde på ein verre stad» (Justin Martyr, dial. 5.3 – PG 6.488). Den ære Kyrkja viser helgenane kviler på den trua at dei allereie er i Guds nærleik og på ein viss måte alt har del i den guddomelege herlegdomen sjølv om dei enno ser fram til å gle seg over han i fullt mon ved den ålmene oppstoda på den siste dagen. Den same trua er grunnlaget for bønene til Guds mor og til helgenane om å gå i forbøn for oss hjå Gud, han som dei lever nær og som stadig høyrer bønene deira. Helgenane sine forbøner verkar til at Guds miskunn kjem over dei levande. Dette skaper eit sterkt og varigt band mellom den stridande Kyrkja (militans) og den triumferande.

Sjølv om Kyrkja trur og lærer at etter døden er det umogleg å gå over frå syndarane sine rekkjer til dei rettvise, feirar ho den heilage evkaristien, idet ho etter gamal tradisjon trur og vonar at Gud tenkjer med miskunn på dei innsomna; ho utfører også minnegudstenester og tilrår dei truande å gjere miskunnsgjerningar. Dette syner den kjærleiksfellesskapen som er mellom dei levande og dei som alt har gått bort, og vona om sjølv å få del i oppstoda. «Vi trur at bøna vil vere ein svært stor fordel for dei som ho vert framboren for» (Kyrill av Jerusalem, katekes. 23.9 – PG 33.1116f).

3. Oppstoda av dei døde og fornyinga av heile verda

Heile den guddomelege frelsesplanen vert historisk fullenda i Herrens atterkome i herlegdom. Oppstoda av dei døde og fornyinga av verda vil følgje når Herren syner seg. Dette er grunnleggjande trussanningar slik dei har kome til uttrykk i vedkjenningane åt den eldste Kyrkja. Den nikeno-konstantinopolitanske vedkjenninga forkynner om Kristus at «Han vil kome att i herlegdom for å døme levande og døde» og avsluttar med forventninga om oppstoda: «Vi ser fram til oppstoda av dei døde og eit liv i den komande verda".

Tidspunktet for Herrens andre kome er ukjent (Mk 13:32); difor legg Kyrkja stadig dei truande på hjarta alltid å vere budd og å vake, for Herrens dag kjem som ein tjuv om natta ved ein

time ingen ventar han (Mk 13:33-37; Mt 24:42-44; 1.Tess 5:2; 2.Pet 3:10). Kyrkja har avvist alle forsøk på å fastslå det nøyaktige tidspunktet for Herrens atterkome.

Oppstoda frå dei døde og fornyinga av verda skjer før den endelege domen. Herrens atterkome fell saman med alle menneske og verda si forvandling frå forgjengelegdomstilstanden til uforgjengelegdomen (sjå 1.Kor15:51f; 1.Tess 4:17). Kroppane deira som alt har sovna inn, vert vekte opp og på nytt sameinte med sjelene sine til ein uforgjengeleg fellesskap, lik den dei før har hatt. Dei levande sine kroppar vil bli forvandla og skaparverket vil bli nytt (sjå Rom 8:19-22; 2.Pet 3:13). Kyrkja trur at dei gjenoppstandne kroppane vil bli lik Herrens herlegdomslekam (sjå også Johannes Chrysostemos, delic. 6 – PG 51.352).

Alle vil oppleve oppstoda av lekamen, så dei kan stå for Herren i ein heilskap av lekam og sjel, og etter domen kan dei anten gle seg som velsigna eller lide evig straff. Dei rettferdige si evige sæle, så vel som dei urettferdige si evige straff, er ein fast del av læra åt den Heilage Skrifta og kyrkjefedrene.

Vår daglege bøn om Guds rikes kome vert oppfylt når Herren kjem att, slik det vert vitna om i Openberringsboka: «Eg såg ei ny himmel og ei ny jord; for den fyrste himmel og den fyrste jord hadde kvorve bort ... og døden skal ikkje vere meir ... og han som sit på kongsstolen sa: «Sjå, eg gjer alle ting nye!» (Joh. op. 21:1-5).

VII KYRKJELEG FELLESSKAP

– FØRESETNADER OG KONSEKVENSAR

1. Kyrkja er Kristi eine lekam, levandegjort av Heilaganden. I denne lekamen vert dei truande ved Andens gjerning bundne saman i trua, gudstenesta og kyrkjeordninga sin einskap.

2. Kvar lokal kyrkje har sin midte i den heilage evkaristien. Det er Kristus som innbed til dette måltidet. Difor vert det feira av hans Kyrkje under leiing av biskopen eller ein som han har gjeve oppdraget; og likevel er det Kyrkja som Kristi eine lekam som utfører denne feiringa, og alle som tek imot evkaristien, vert éin lekam, Kristi lekam. «Brødet som de ser på altaret, helga ved Guds ord, er Kristi lekam. Kalken, eller heller, det kalken inneheld, helga ved Guds ord, er Kristi blod. ... Når du har teke imot på rett vis, er du blitt det du har motteke. For apostelen seier: Eitt brød, éin lekam er vi, endå vi er mange» (Augustin, hom. 227 – PL 38.1099). «Brødet som vi bryt, er det ikkje fellesskap med Kristi lekam? Kvifor sa han (Paulus) ikkje: 'Ta del i?' Fordi han vil seie meir enn det og gje eit vink om kor djupt sambandet er. For å kommunisere er ikkje berre å ta del i og ta imot ein del, men også å vere innlemma i. Slik den lekamen er sameint med Kristus, så vert også vi gjennom dette brødet sameina med han ... For etter at han sa: 'Sameining i lekamen', prøver han å uttrykkje det nære sambandet og difor legg han til: 'Fordi det er éitt brød, er vi alle éin lekam. Kva meiner eg med fellesskap (koinonia)?' seier han. Vi er sjølve den lekamen. For kva er det brødet? Kristi lekam. Men kva vert dei som tek del? Kristi lekam! Ikkje mange lekamar, men éin lekam. ... For ikkje får du føde frå éin lekam, og han frå ein annan, men alle får føde frå den same lekamen (Johannes Chrysostemos, hom. 24.2 i 1. Kor – PG 61.200f).

3. Fordi det er Kristus som innbed, innbed Kyrkja til deltaking i måltidsfellesskapen. Dette knyter deltakarane til Kyrkjas oppgåve som er å forkynne evangeliet, byggje opp Kristi lekam og verne om hans einskap i ei sann tru og i kjærleik.

4. Slik ein ikkje vert teken inn i Kyrkja utan vedkjenning av den sanne trua, så kan ikkje evkaristien feirast som Kyrkja sitt midtpunkt utan den sanne trua. Sakramenta sin Kristus er ikkje ein annan enn trua sin Kristus som Kyrkja har vedkjent samstemt gjennom alle tider og på alle stader.

5. Fellesskapen omfattar heile livet åt Kyrkja. Difor vert det sagt om medlemane hennar: «Dei heldt trutt fast ved læra åt apostlane og ved samfunnet, brødsbrytinga og bønene» (Apg 2:42). Heilage Ignatius skreiv: « ... at de alle møter kvarandre i nåde, kvar og ein utan unntak, i éi tru og i Jesus Kristus, som er av Davids ætt etter kjøtet, Menneskeson og Guds Son, i lydnad mot biskopen og presbyteriet med udelt sinn, for å bryte det eine brødet, som er udøyelegedomens lækjemiddel, motgift mot døden, ei gåve som byggjer opp livet i Jesus Kristus for alltid» (Ignatius av Antiokia, Ef 20.2 – PG 5.661).

6. Der fellesskapen er broten, kan Herrens nattverd ikkje feirast ilag. Atterreisinga av evkaristi-fellesskapen der det framleis er splitting i tru, er i seg sjølv ei sjølvmotseiing, sidan kyrkjene, sjølv om dei tek imot evkaristien saman, framleis lever skilde frå kvarandre. Slik åtferd godtek splitta kyrkjer som normalt og kan føre til at den sorg og anger som er naudsynt for å overvinne splittinga, vert rekna som overflødig. Evkaristifellesskapen er verkeleg eit uttrykk for trusfellesskap i den eine Kyrkja.

7. Når fellesskapen vert broten, har Kyrkja alltid ansvar for å lækje såret. Atterreisinga av fellesskap er ikkje mogleg utanom den eine Kristi lekam, for einskap i tru og fellesskap i Heilaganden vert berre gjeven i denne lekamen. For å kunne atterreise fellesskap er det naudsynt ikkje berre å undersøkje om vi står kvarandre nær nok, men også om skilnadane er så viktige at skilje framleis må haldast oppe.

8. Konsekvensane og uttrykka for den gjensidig godkjende trusfellesskapen er den fullstendige liturgisk-kanoniske kyrkjefellesskapen, verkeleg organisk

einskap i Kristi eine lekam. Dei liturgiske og kanoniske konsekvensane som gir seg ut av kyrkjeleg fellesskap, vert avklara og regulerte av Kyrkja på grunnlag av tradisjonen åt den udelte Kyrkja. Denne fellesskapen inneber ikkje uniformitet i liturgisk ordning eller kyrkjeleg praksis, men kjem heller til uttrykk i at kvar av dei gjeldande kyrkjene kvar for seg ivaretek legitime historiske utgåver av den eldste og udelte Kyrkja si tru. Denne fellesskapen føreset heller ikkje at den eine kyrkja med sin tradisjon underkastar seg den andre, for det ville stå i motsetnad til verkeleg fellesskap. Kyrkjer som er sameinte i fullt fellesskap, vil fullføre sine oppgåver i verda ikkje isolerte frå kvarandre, men grunnleggjande sameinte.

Etter den felles Ortodokse - Gamalkatolske teologiske kommisjonen sitt syn, representerer ovanforståande tekst læra åt dei Ortodokse og Gamalkatolske kyrkjene.
Ratifisert av Generalsynoden åt Den nordisk-katolske kyrkja 14. april 2007

Eukaristibøn I

I sanning verdig og rett er det, vår skyldnad og vår frelse, at vi alltid og alle stader takkar deg, heilage Herre, allmektige Fader, ævelege Gud, ved Jesus Kristus vår Herre,

Advent

- han som for vår skuld vart menneske, så vi ved han skulle verta dine born, frelste ut or mørkret og inn i ditt underfulle ljos.

Julenatt

- han som denne heilage natta vart menneske, så vi ved han skulle verta dine born, frelste ut or mørkret og inn i ditt underfulle ljos.

Jula og openberringstida

- for i han har du openberra din herlegdom i verda, så ljoset skin i hjarto våre.

Fastetida

- han som elska oss og gav seg sjølv for oss, så han vart lydig til døden, ja døden på krossen.

Skirtorsdag

- han som er den sanne offerprest og gav seg sjølv som eit lytelaust lam, som eit fullkome lovoffer, til hugnad for deg.

Påsketida

- han som er det sanne påskelam og ved sin død gjorde døden til inkjes og ved si oppstode gav oss æveleg liv.

Kristi himmelferdsdag og den fylgjande sundagen

- han som fór opp til himmelen og no tronar ved di høgre hand og alltid går i forbøn for oss.

Pinse

- han som vart opphøgd til di høgre hand og tok imot Heilaganden, som han har utrent over oss til pant på vår arv.

Trieiningstida

- han som du sende til frelse for verda, for at vi ved hans død skulle få forlating for syndene og ved hans oppstode vinna æveleg liv.
Eller: - han er det levande brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv, så den som kjem til han, ikkje skal svelta, og den som trur på han, aldri skal tyrsta.

Kyndelsmesse, 2. febr, anten prefasjonen for julefesten, eller

- han som er Gud av Gud og Ljos av Ljos, ei utstråling av din herlegdom og eit bilete av din majestet (grunnhått). Som soloppgangen frå det høge lyser han for dei som sit i mørker og dødsskugge, og gir alle som trur på han del i livet og ljoset.

Festen for Herrens forklåring, 6. august

- han som openberra seg på fjellet då han let sin jordiske
lekam bli omkransa av blendande ljos. Soleis ville han ta bort den støytestein krossen er frå hjarto åt læresveinane og forkynna at herlegdomen ein dag skal fylle heile Kristi lekam.

Helgemesse

- i han omgir du oss med koret av dine himmelske vitne, så vi på deira forbøn kan vinne den sigerskransen du har gjort istand åt oss.

Minnedagen for alle dei døde (om ikkje eiga ordning vert nytta)

- i han er vi gitt vona om ei sæl oppstode, så vi som trælar under dødens lodd, kan finna trøyst i vona om den komande herlegdomen. For om vårt jordiske telt vert rive ned, har du i Kristus gjort istand åt oss ein evig bustad hjå deg i himmelen.

Sams avslutning

Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot / himlane og jorda er fulle av din herlegdom./ Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

Ja, heilag er du Herre, du som har skapt himmel og jord, og med dei himmelske hærskarane vil vi lovprisa deg. Utan ende er di miskunn og æveleg er ditt herrevelde. Du skapte mennesket i ditt bilete, og jorda gav du oss i varetekt, for at vi skulle tena deg. Då vi synda mot boda dine, vraka du oss ikkje for alltid. Med Abraham skipa du di pakt og lova alle ættene på jorda di velsigning. Såleis har du elska verda at då tida var fullkomen, sende du din einborne Son, han som oppfylte din vilje og vann deg eit heilagt folk. For vår skuld og til vår frelse vart han lydig til døden. På den tredje dagen stod han opp frå dei døde og gav verda liv og lækjedom. Og for at vi ikkje lenger skal leva for oss sjølve, men for han som døydde og stod opp for oss, sende han frå deg, Fader, Barnekårs-Anden. Difor naudbed me deg:

Velsigna oss i Kristus med all Andens velsigning. Helga ved din Ande dette brødet og denne vinen, så dei må verta for oss vår Herre Jesu Kristi lekam og blod, han som baud oss å halda dette måltidet.

For i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka deg, braut det, gav læresveinane og sa:

TAK DETTE OG ET DET, DETTE ER MIN LEKAM SOM VERT GJEVEN FOR DYKK. GJER DETTE TIL MINNE OM MEG.

Likeins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa:

DRIKK ALLE AV DEN. DENNE KALKEN ER DEN NYE PAKT I MITT BLOD, SOM VERT UTRENT FOR DYKK OG FOR DEI MANGE TIL FORLATING FOR SYNDENE. SÅ OFTE SOM DE DRIKK AV HAN, SÅ GJER DET TIL MINNE OM MEG.

Stort er mysteriet i vår tru.

Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.
Heilage Fader, med dette brødet og denne kalken minner vi deg om korleis Son din leid og døydde til vår frelse. Og i trua på hans oppstode forkynner vi at han skal koma att i herlegdom.

Amen. Ja, kom, Herre Jesus.

Miskunnsame Fader, gjev oss som tek imot Kristi lekam og blod, å få leva til lov og ære for din herlegdom. Vara oss i Andens einskap og den freden som bind saman. Hald di verjande hand over biskop Thaddeus, prestane, diakonane og heile folket ditt.
Unn oss - med Guds mor, den sæle Maria møy, med erkeengelen Mikael, med Johannes forgjengaren, med patriarkar og profetar, med apostlar og martyrar, (med ...NN her kan nemnast ein helgen som har minnedag, kyrkja sin vernehelgen eller andre heilage) - å få del i den arven dei heilage får i ljoset.
Kom i hug alle som er døde i Kristi fred (særleg … NN liturgen fører hendene saman ei kort stund). Trua deira kjenner einaste du. Gjev dei ein bustad i ljoset og gjev dei æveleg glede.
Eller: Herre, kom ihug tenarane og tenarinnene dine som er gått i førevegen for oss med trua sitt segl og søv fredens sømn. Rekna dei mellom dine rettferdige og lat englane dine bera dei til Abrahams fang.

Lyd i nåde til bønene frå dei du her samlar om ditt altar. Sameina bøna vår med bønene frå kyrkja di i himmelen og på jorda, og med forbøna frå Kristus, vår store øvsteprest, han som alltid bed for oss, til dess han kjem med siger som Herre over alle ting.
Ved han og med han og i han, skal du, Gud, allmektige Fader, i eining med Heilaganden, ha all ære og herlegdom, frå æve til æve.

Amen.

Eukaristibøn II

Kanonbøn etter tradisjonen frå heilage Basilius

I sanning verdig og rett er det å takka deg, ja, rett er det å høglova deg, Herre vår Gud. Ditt herrevelde er frå æve til æve. Du bur i det høge, men ser til det låge, du Fader til Frelsaren Jesus Krist. I honom gjorde du himmel og jord, det synlege og det usynlege. Alle himmelske makter og mynde bivrar i age for deg, og aldri held englane opp med sin lovsong for di herlege trone. Ja, serafar og kjerubar jublar og ropar ved dag og ved natt. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. Himlane og jorda er fulle av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

Ja, heilag er du, Herre vår Gud. Alle velgjerningane dine forkynner kor vis du er og kor god mot oss. Av støv forma du mennesket i ditt bilete og sette oss i det sæle paradiset. Då vi synda mot bodorda dine, gav du oss ikkje over i dødens vald, men i di miskunn kom du alle menneske til hjelp. Med Abraham skipa du di pakt og ved profetane oppseda du oss i vona om frelse. Då tida var fullkomen, lét du ljos gå opp for oss som sat i mørker og dødskugge: Du sende oss din einborne Son, vår Herre og Frelsar, Jesus Kristus. Han vart ikjøta av Heilaganden og av Maria møy og vart menneske.For dei fattige forkynte han frelse, for fangane fridom, for dei sorgfulle glede. For å fullføra ditt frelsesverk gav han seg sjølv som løysepenge for alle. Frå krossen steig han ned i dødsriket og stod opp att tredje dagen. Han fór opp til himmelen og sette seg ved di høgre hand, og som den fyrste gåva til sine eigne sende han frå deg, Fader, Barnekårs-Anden.
I den natta han gav seg sjølv til liv for verda, synte han oss vegen til frelse. Han tok eit brød, takka deg, braut det, gav læresveinane og sa:

TAK DETTE OG ET DET, DETTE ER MIN LEKAM SOM VERT GJEVEN FOR DYKK.

Likeins tok han òg kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa:

DRIKK ALLE AV DEN. DENNE KALKEN ER DEN NYE PAKT I MITT BLOD, SOM VERT UTRENT FOR DYKK OG FOR DEI MANGE TIL FORLATING FOR SYNDENE. SÅ OFTE SOM DE DRIKK DET, SÅ GJER DET TIL MINNE OM MEG.

Stort er mysteriet i vår tru.

Din død forkynner vi, Herre, og di oppstode høglovar vi, til dess du kjem att i herlegdom.

Heilage Gud og Fader, til minne om hans liding, hans oppstode frå dei døde, hans himmelferd til di høgre hand og i von om hans atterkome i herlegdom ber vi fram for deg desse gåvene dine, dette brødet og denne kalken, med takk for alt og i bøn for alle. Herre, du som elskar menneska og kvar tid og stund syner oss kor god du er, vi syndarar bed deg: Lat din heilage Ande koma ned over oss og desse gåvene dine. Gjev at alle dei som samlast for å få del i Kristi lekam og blod, må verta eitt ved Heilaganden, så vi kan helgast som eit levande og fullkome offer til hugnad for deg. Unn oss – med Guds mor, den sæle Maria møy, med patriarkar og profetar, med apostlar og martyrar, (med ...NN her kan nemnast ein helgen som har minnedag, kyrkja sin vernehelgen eller andre heilage) å få del i den arven dei heilage får i ljoset.

Kom i hug alle som er døde i Kristi fred (særleg … NN). Trua deira kjenner einaste du. Lat dei få ein bustad i ljoset og gjev dei æveleg glede.
Eller: Kom ihug tenarane og tenarinnene dine som er gått i førevegen for oss med trua sitt segl og søv fredens sømn. Rekna dei mellom dine rettferdige og lat englane dine bera dei til Abrahams fang.

Vi bed deg for di heilage kyrkje. Gjev henne fred, for du har kjøpt ho med Kristi dyre blod. Hald di hand over alle som nærer ho med ditt ord. Tak i di nådige varetekt biskopen vår NN, prestane, diakonane og alt folket ditt.

Hald oss oppe i trua og gjev oss din fred, så vi kan lovprisa og høglova deg, ved Son din Jesus Kristus. Ved han og med han og i han skal du, Gud allmektige Fader, i eining med Heilaganden, ha all ære og herlegdom, frå æve og til æve.

Amen.

Eukaristibøn III

Kanonbøn etter tradisjonen frå heilage Hippolyt

I sanning verdig og rett er det, vår skyldnad og vår frelse, at vi alltid og allstad takkar deg, heilage Herre, allmektige Fader, ævelege Gud, ved Jesus Kristus, vår Herre. Han er ditt Ord frå æva , og ved han skapte du alt. Då tida var mogen, sende du han for å berga oss og setja oss fri. Han vart kjøt ved Heilaganden og fødd av Maria møy. På krossen rette han ut hendene og braut sund lekkjene åt djevelen. Ved si liding gjorde han døden til inkjes, og ved si oppstode gav han oss att livet. Slik oppfylte han din vilje og gjorde i stand eit heilagt folk for deg.
(Eventuell variabel prefasjon kan leggjast til. Sjå evkaristibøn I)

Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot, Himlane og jorda er fulle av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

I den natta då han, vår Herre Jesus Kristus, friviljug gav seg over til si liding, tok han eit brød, takka deg, braut det, gav læresveinane og sa:
TAK DETTE OG ET DET,
DETTE ER MIN LEKAM SOM VERT GJEVEN FOR DYKK.

Like eins tok han òg kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa

DRIKK ALLE AV HAN. DENNE KALKEN ER DEN NYE PAKT I MITT BLOD, SOM VERT UTRENT FOR DYKK OG FOR DEI MANGE TIL FORLATING FOR SYNDENE. GJER DETTE, SÅ OFTE SOM DE DRIKK DET, TIL MINNE OM MEG.

Stort er mysteriet i vår tru.

Din død forkynner vi, Herre, og di oppstode høglovar vi til dess du kjem att i herlegdom.

Til minne om hans død og oppstode ber vi fram for deg, Herre vår Gud, brødet til liv og kalken til velsigning, medan vi takkar deg for at du har halde oss verdige til å stå for ditt åsyn og tena deg. Vi bed deg audmjukt: Send din Heilagande ned over offeret som kyrkja di ber fram,
gjev dei som her samlast for å ha del i Kristi lekam og blod, å bli eitt i Heilaganden så vi styrkte i sanninga og sameina med vår biskop N.., (og her kan nemnast ein helgen som har minnedag) kan prisa og høglova deg, ved Son din, Jesus Kristus.

Ved han og med han og i han, skal du, Gud, allmektige Fader, i eining med Heilaganden, ha all ære og herlegdom, frå æve til æve.

Amen.

Den nordisk-katolske kyrkja

Minnedager

Desember		Januar		Februar		Mars		April		Mai	
1	Profeten Nahum	1	HERRENS OMSKJER	1	Ignatius av Antiokia	1		1		1	PHILLIP OG JAKOB
2		2	Basilios og Gregor N	2	KYNDELSMESSE	2		2		2	Athanasios
3	Profeten Sefanja	3		3	Ansgar / Blåsmesse	3		3		3	Krossmesse om våren
4	Barbromesse	4		4	Vladim./Benjam./Elisab.	4	Kasimir	4	Isidor av Sevilla	4	Monika
5		5	Simon stylit	5	Ågotmesse	5		5		5	
6	NILSMESSE	6	EPIFANIA	6		6	Theofylakt a Nikomed.	6	Sixtus	6	
7	Ambrosius	7	Knut Lavard	7	Olav Engelbrektson	7	Perpetua/Felicitas	7		7	
8	MARIAS UTKÅR.	8	Torfinn av Hamar	8	Profeten Malakia	8		8		8	
9		9		9		9		9		9	Pachomios
10		10		10	Scholastica	10	40 martyrar i Sebaste	10	Profeten Esekiel	10	
11		11		11		11		11	Leo d store /Stanislaus	11	
12		12	Benedict Biscop	12	Taraldsmesse	12	Gregorsmesse	12		12	Domitilla/Pancratius
13	Lussimesse	13	HERRENS DÅP	13		13		13		13	
14	Johannes av korset	14	Felix fra Nola	14	Kyrill og Methodios	14		14	Justin Martyr	14	
15	Trifon av Petsamo	15	Serafim av Sarov	15	Sigfr./Grimkje./Johann.	15		15		15	HALLVARDSMESS
16	Lasarus fra Betania	16		16		16	Gudmundsdagen	16	Magnusmesse	16	
17		17	Antonmesse	17		17	Patrick av Irland	17		17	
18	Patriarken Abraham	18		18		18	Kyrill av Jerusalem	18		18	Erik av Sverige
19	Patriarken Isak	19	Henrik av Finland	19		19	Josef	19		19	
20	Patriarken Jakob	20	Brødremesse	20		20	Cutbert av Lindisfarne	20		20	
21	THOMASMESSE	21	Agnesmesse	21		21	Bendiksmesse	21	Anselm av Canterbury	21	
22	Patriarken Josef	22	Vincent	22	Apostelen Peters stol	22		22		22	
23	Tollesmesse	23		23	Peter Damianus	23		23	Georg fra Kappadokia	23	
24	Julaften	24	Timoteus	24	MATTISMESSE	24	Erkeengelen Gabriel	24		24	
25	KRISTI FØDSELSF.	25	PÅLSMESSE	25		25	MARIMESSE	25	MARKUSMESSE	25	
26	STEFANUS	26	Polykarp	26		26		26		26	Augustin a Canterbury
27	JONSMESSE	27	John Gullmunn	27		27	Johannes av Damaskus	27		27	Beda Venerabilis
28	Uskuldige barn i Betlehem	28	Thomas Aquinas	28		28		28		28	
29	Thomas Becket	29				29		29	Katharina av Siena	29	
30		30				30	Profeten Mika	30		30	
31	Sylvester	31				31	Profeten Amos			31	

Den nordisk-katolske kyrkja

Minnedager

Juni		Juli		August		September		Oktober		November	
1		1	Kristi dyrverdige blod	1	Peters fengsling	1	Edismesse	1	Therese av Lisieux	1	HELGEMESSE
2		2	Marias vitjing./Syftes.	2	Katarina av Vadstena	2		2	Verneenglane	2	ALLE SJELEDAG
3		3		3	Vesle olsok	3		3		3	
4		4		4		4	Moses	4	Frans av Assisi	4	
5	Bonifatius	5		5		5	Mor Teresa av Calcut.	5		5	
6		6	Profeten Jesaja	6	HERRENS FORKL	6	Profeten Sakarja	6		6	
7		7	Willibald	7		7		7		7	Willibrod
8		8	SELJUMANNAME.	8	Dominicus	8	MARIMESS HAUST	8		8	
9	Columba av Iona	9	John Fisher/Th. More	9	Edith Stein	9		9	Dinesmesse	9	
10	Margereth av Skotland	10	Knutsok	10	Larsok	10		10		10	
11	BARNABAS	11	Benedikt av Nursia	11	Klara fra Assisi	11		11		11	Mortensmesse
12	Eskil av Sverige	12		12		12		12	Wilfred	12	
13		13	Profeten Joel	13	Hioppolyt/Maximus C.	13		13		13	
14	Profeten Elisja	14	Bonaventura	14	Judas Makkabeus	14	KROSSMES. HAUST	14		14	Gregor Palamas
15	Vitusmesse	15		15	MARIAS INNSOMN.	15	Marias 7 sm./Cyprian	15	Theresa av Avila	15	
16		16		16		16		16		16	
17	Botsok	17		17		17		17		17	
18		18		18		18		18	LUKAS EVANGEL.	18	
19		19		19		19		19		19	Elisabeth av Ungarn
20	Alban	20	Mari vassause/Prof Elia	20		20		20		20	Edmund
21		21		21		21	MATTISMESSE	21		21	Marias tempelgong
22	Paulinus	22	Magdalimesse	22		22		22		22	Cecilia
23		23	Birgitta	23		23		23		23	
24	ST. HANS DAG	24	Boris og Gleb	24	BARSOK	24		24	Rafael erkeengel	24	
25		25	JAKOB APOSTEL	25		25	Sergej av Radonezj	25	Crispin og Crispinian	25	Karimesse
26	Profeten Jeremia	26	Joakim og Anna	26		26		26		26	
27	Kyrill av Alexandria	27	Sjusovarane	27		27	Kosmas og Damian	27		27	
28	Ireneus av Lyon	28		28	Augustin	28		28	SIMON/JUDAS AP.	28	
29	PERSOK	29	OLSOK	29	JOH. DØYP. MART.	29	MIKKELSMESSE	29		29	
30		30	Peter Chrysologos	30		30	Hieronymus	30		30	ANDREAS APOSTEL
		31		31	Aidan av Lindisfarne			31			